



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland

# Kunnskapsgrunnlag

inkl. folkehelseoversikt

## 2024



Foto: Pixabay.com

15.01.2024

# Kunnskapsgrunnlag inkl. folkehelseoversikt 2024

## Innholdsoversikt

### 1Befolkning

#### 1.1Befolkningsutvikling

#### 1.2Innvandring

#### 1.3Flytting

#### 1.4Prognosar

##### 1.4.1Befolkningsframskriving

##### 1.4.2Fødselsbalanse og nettoflytting

#### 1.5Oppsummering

### 2Bustad og hushaldningar

#### 2.1Bustadstatistikk

#### 2.2Hushaldningar

#### 2.3Bustader i bruk

#### 2.4Oppsummering

### 3Areal og natur

#### 3.1Arealrekneskap

#### 3.2Plante- og dyreliv

#### 3.3Vatn

#### 3.4Forureining

#### 3.5Oppsummering

### 4Klima

#### 4.1Utslepp klimagassar

#### 4.2Klimagassreduksjonar

4.3 Klimatilpassing

4.4 Oppsummering

## 5 Mobilitet

5.1 Trafikktryggleik

5.2 Kollektivtransport

5.3 Digital infrastruktur

5.4 Infrastruktur el-bilar

5.5 Oppsummering

## 6 Utdanning og kompetanse

6.1 Grunnskulen - elevtal

6.2 Grunnskulepoeng

6.3 Nasjonale prøver

6.4 Skulebidragsindikator

6.5 Læringsmiljø

6.6 Spesialundervisning

6.7 Vidaregåande opplæring

6.8 Utdanningsnivå

6.9 Kompetansebehov

6.10 Oppsummering

## 7 Oppvekst og levekårsforhold

7.1 Risikogrupper for låginntekt

7.2 Barnehage

7.3 Skulebeskyttelse

7.4 Nærmiljø

7.5 Sosial deltaking

7.6 Barnevern

7.7 Oppsummering

## 8 Arbeidsliv

### 8.1 Syssetsetting

### 8.2 Inntekt

### 8.3 Likestilling og inkludering

### 8.4 Arbeidsledigheit

### 8.5 Sjuefråver

### 8.6 Stønader frå NAV

### 8.7 Utanforskap frå arbeidslivet

### 8.8 Oppsummering

## 9 Næringsliv

### 9.1 Næringsstruktur

### 9.2 Verksemder og føretak

### 9.3 Tilsette i Bygland

### 9.4 Pendling

### 9.5 Oppsummering

## 10 Kultur og fritid

### 10.1 Kulturtilbod og kulturaktivitet

### 10.2 Frivilligheit

### 10.3 Fritidstilbod

### 10.4 Kulturskule

### 10.5 Idrettsaktivitet og anlegg

### 10.6 Kulturminnevern

### 10.7 Oppsummering

## 11 Helse

### 11.1 Livskvalitet og psykisk helse

#### 11.1.1 Sosial støtte

#### 11.1.2 Einsemd

- 11.1.3 Psykiske plager og lidinger
- 11.1.4 Demens
- 11.1.5 Vener
- 11.1.6 Foreldrerelasjon
- 11.2 Helserelatert atferd
  - 11.2.1 Fysisk aktivitet
  - 11.2.2 Skjermtid
  - 11.2.3 Kosthold
  - 11.2.4 Rusmiddel
  - 11.2.5 Tobakk
- 11.3 Vald, selvskading og overgrep
  - 11.3.1 Selvskading
  - 11.3.2 Selv mord
- 11.4 Helsetilstand
  - 11.4.1 Levealder
  - 11.4.2 Eigenvurdert helse
  - 11.4.3 Tannhelse
  - 11.4.4 Diabetes
  - 11.4.5 Overvekt
  - 11.4.6 Kreft
  - 11.4.7 Muskel- og skjelettplager
  - 11.4.8 Ulykker
  - 11.4.9 Drukning
  - 11.4.10 Trafikk
  - 11.4.11 Fall
- 11.5 Helsetenester
  - 11.5.1 Barnevaksinasjonsprogrammet

11.5.2 Influensavaksinerte over 65 år

11.5.3 Bruk av helsetenester

11.5.4 Framtidig helsebehov

11.5.5 Oppsummering


12 Kjelder

# 1 Befolkning

## 1.1 Befolkningsutvikling

Befolkningsutvikling I perioden 2018-2023 har det blitt over 12 000 fleire egder. Den største veksten er i sentrale kommunar langs kysten. Bygland er blant kommunane med størst prosentvis nedgang. Status i 2023 er at ca. 85 prosent av egdene bur i ein av kystkommunane, og meir enn kvar tredje egd bur i Kristiansand (36,6 prosent).

Bygland har pr oktober 2023 1161 innbyggjarar. Vi har blitt 200 færre sidan 2000, som er ein nedgang på 15%.




Figur 1 Kjelde: Agdertall.no/SSB Innvandring Utanlands innvandring utgjør den størst

## 1.2 Innvandring

Utanlands innvandring utgjør den største kjelda til befolkningsvekst på Agder, og har betydd skilnaden mellom befolkningsvekst og nedgang for mange kommunar på Agder i perioden frå 2000. Samtidig ser det ut til at innvandrarar etter ein periode i opphavleg tilflyttingskommune søker mot dei større byane, enten innanfor landsdelen eller i andre delar av landet.

I Bygland har det vore mest innvandring frå Europa, men vi har også innbyggjarar frå Afrika, Asia og Latin-Amerika. Flyktningmottaket som var i drift i perioden 2015-2017 er hovudårsaka til auka i innvandring i denne perioden.




Figur 2 Personar med innvandrarbakgrunn i Bygland 1970-2023 Kjelde: Agdertall.no/SSB

Det har vore ei auke i folketallet idet siste året på ca. 30 personar. Dette skuldast busetting av flyktningar frå Ukraina.

### 1.3 Flytting

Mobiliteten er størst mellom kommunar som framstår som felles bu- og arbeidsmarknadsregionar, og dei fleste flyttingar skjer innanfor eige fylke. Flytting innanlands gir eit viktig bilete på kommunane sin attraktivitet, og heng saman med tilgang til arbeidsplassar, identitet, familie og tilhørslse m.m. I Agder har Setesdal hatt størst negativ innanlands flytting over tid.

I Bygland har hatt negativ flytting innanlands dei siste 20 åra, men flyktningstraumar i samband med krig og uro i verda har gitt positiv netto innflytting i periodar.




Figur 3 Flytting i Bygland i perioden 2000-2023 Kjelde: Agdertall.no/SSB

### 1.4 Prognosar

Befolkningspyramiden samanliknar befolkninga si alderssamansetning i 2022 med berekna alderssamansetning i 2040. Ho illustrerer lågare forventa fødselstal og med det mindre årskull i lågare aldrar framover, samtidig som dei større årskulla som er i 50-åra i dag blir pensjonistar.






Prognoser som er gjort for 2040 viser ei stor auke i den eldste aldersgruppa. Legger ein til grunn at (den låge) sysselsettingsgraden vil vare ved, vil berekna bæreevne bli enda lågare. Aldersbæreevna er av særleg interessant for framtida sin økonomiske bæreevne og for velferdstilbod og helse- og omsorgstenestene.

### 1.4.1 Befolkningsframskriving


Befolkningsframskrivinga er ei berekning av framtidig befolkningsstorleik og -sammansetning. Utgangspunktet er ofte, slik som i SSB sine framskrivingar i figur 5, ulike føresetnader om fruktbarheit, dødelegheit, flytting og inn- og utvandring.

For å vise at befolkningsutviklinga er usikker, blir det ofte laga framskrivingar i ulike alternativ. Blant SSB sine ulike framskrivingsalternativ, er hovudalternativet det som blir sett på som den mest trulege utviklinga gitt situasjonen ved framskrivingstidspunktet. SSB meiner at utflyttinga bremsar, fordi det blir auka tal på eldre i distriktkommunane og desse er meir bufaste, og at auka levealder og positiv netto innvandring bidreg til å oppretthalde folketalet.



Figur 5 SSB si befolkningsframskriving for Bygland mot 2050 Kjelde: SSB

Telemarksforskning si framskriving er vist i figur 6. Framskrivinga inneheld også hovudalternativet til SSB. Telemarksforskning forklarar skilnaden i framskrivingane med måten sannsyn for flytting blir berekna. Sentralitetskraftene har større tyding i Telemarksforskning sin modell enn kva SSB bereknar. Den er også mindre optimistisk med omsyn til framtidige fødselstal.




Utviklinga viser følgjande hovudtrekk:

- Folkeauken i Bygland ligg under den nasjonale folkeauken.
- Den låge auka skuldast lågare fødselsoverskot og ei negativ nettoflytting.
- Folkeauken er sterkast i aldersgruppa 67 år og eldre.

#### 1.4.2 Fødselsbalanse og nettoflytting

Figuren under syner korleis befolkningsendringane fordelar seg på fødselsoverskot og nettoflytting i Bygland basert på scenarioet med nøytral attraktivitet for busetting og næringslivet.



Figur 7 Årlige befolkningsendringer i Bygland fordelt på fødselsoverskudd og nettoinnflytting Kjelde: Telemarksforskning

## 1.5 Oppsummering


Det har vore ein jamn nedgang i innbyggartalet i kommunen dei siste 20 åra. Busetting av flyktningar har gjeve positiv utvikling i periodar. Utviklinga følgjer dei sentrale trendane med at befolkninga i distrikta trekker inn mot urbane område.

NOU 202:15 Det handler om Norge legg vekt på distrikta sine tre demografiutfordringar: befolkningsnedgang, aldring og spreidd busetting. Desse tre utfordringane har en tendens til å opptre saman. Slik demografisk uttynning i ein region kan bidra til å forsterke utfordringar med låg befolkningstettheit og aldring, kan stabilisering av folketalet eller vekst bidra til å dempe utfordringane. Likevel, det å vere ein distriktskommune – med liten befolkning og store avstandar – er like fullt ei demografiutfordring i seg sjølv som krev særskilte grep. Det blir ikkje nødvendigvis så mykje endring om folketalet går litt opp eller litt ned.

## 2 Bustad og hushaldningar


### 2.1 Bustadstatistikk

I Bygland er det i hovudsak einebustader med ein del på 75%. Dette er på line med fleire av kommunane i Agder. 25% av bustadmassen er i tettbygde strøk (Bygland og Byglandsfjord).



Figur 8 Bustadmassen fordelt på bygningstype (andel i %) i Bygland Kjelde: Agdertall.no/SSB

Sidan 2000 har det vore varierende tal på ferdigstilte bustader.




Figur 9 Ferdigstilte bustader i Bygland Kjelde: Agdertall.no/SSB

### 2.2 Hushaldningar

Totalt er det 555 hushaldningar i Bygland. Talet på aleinebuande har vore aukande på landsbasis sidan tidleg på 1900-talet, og pr. 2023 utgjør dei 44,7% av hushaldningane. Talet på hushaldningar med barn har gått ned frå 37,1% i 2005 til 27,1% i 2023. Aldring, redusert fruktbarheit, redusert tal på ekteskap og familiesplittingar er viktige årsaker til dette.

I Bygland er talet på aleinebuande høgare enn på landsbasis som er 40,6%, medan talet på hushaldningar med barn er litt lågare enn på landsbasis som er 29,7%.



Figur 10 Privathushaldninger etter hushaldningstype i Bygland i 2023 Kjelde: Agdertall.no/SSB

## 2.3 Bustader i bruk

Bygland er blant kommunane i Agder med høgast del einebustader/våningshus utan folkeregistrerte busette.

Tabellane under syner del av bustader utan folkeregistrerte busette; totalt og for ulike område i kommunen. Utvalet her omfattar «einebustad», «einebustad m/hybel/sokkelleilegheit» og «våningshus» med bygningsstatus «tatt i bruk», «ferdigattest» eller «midlertidig brukstillating», og busett-status er ca. pr. mars 2023. «Bygland vest» er alt areal vest for dalbotnen.

## 2.3 Bustader i bruk - prosent

| Område              | Bebudd | Ubebudd |
|---------------------|--------|---------|
| Byglandsfjord       | 86,0 % | 14,0 %  |
| Grendi - Lauvdal    | 69,7 % | 30,3 %  |
| Bygland - Jordalsbø | 77,2 % | 22,8 %  |
| Sandnes - Sordal    | 66,0 % | 34,0 %  |

| Område       | Bebudd | Ubebudd |
|--------------|--------|---------|
| Bygland vest | 51,9 % | 48,1 %  |
| Totalt       | 73,3 % | 26,7 %  |

## 2.3 Bustader i bruk

| Område              | Bebudd | Ubebudd | Totalt |
|---------------------|--------|---------|--------|
| Byglandsfjord       | 148    | 24      | 172    |
| Grendi - Lauvdal    | 69     | 30      | 99     |
| Bygland - Jordalsbø | 129    | 38      | 167    |
| Sandnes - Sordal    | 66     | 34      | 100    |
| Bygland vest        | 42     | 39      | 81     |
| Totalt              | 454    | 165     | 619    |

Kjelde: Agder fylkeskommune/Analyseavdelinga

## 2.4 Oppsummering

Det er ein stor del av hushaldningane i Bygland som består av åleinebuande eller par utan heimebuande barn. Dette speglar at kommunen har ein aldrande befolkning og at det er få born i kommunen. Saman med overvekt av einestader og spreidd busetting, kan dette vere noko av årsaka til at ein relativt stor del kjenner på einsemd.


Det er mange hus utan folkeregistrerte busette i kommunen. Det kan ha ein negativ påverknad på grendelaga ved at bidrag inn i lokalmiljøet bli redusert og et mogleg manglande vedlikehald. Det kan også verke negativt inn på bustadmarknaden at desse husa ikkje er tilgjengelege for dei som ønskjer å flytte til.

## 3 Areal og natur

### 3.1 Arealrekneskap

Statistikk som syner omfanget av arealbruk og til gjengelege arealressursar, er svært viktig informasjonsgrunnlag for avgjersler. Etableringa av arealrekneskap for Agder har gitt betre moglegheit til å halde oversikt over endringar i areal som tas i bruk, endringar i spreing av arealtypar og endringar i planlagt bruk av areal.


Arealrekneskapen for Bygland i figur 11 er basert på kommuneplanen 2011-2022 og gjeldande reguleringsplanar. Kommunen har mange utbyggingsområde som ikkje er bygd ut. Planreserven er på heile 25 031 dekar. 21 335 dekar av desse er til fritidsbustader.



Figur 11 Arealrekneskap for Bygland 2023 Kjelde: Agdertall.no

Andre arealtypar inkluderer bygd areal (6528 dekar) og myr (49073 dekar). Samferdsel utgjer største delen av bygd areal.

Det er stort fokus på bevaring av myr og dyrka mark i dei sentrale føringane for arealdisponering. Dersom vi ser på antatt planreserve i Bygland, dvs planlagte byggeområde som har eit attståande utbyggingspotensiale, så legg den beslag på mykje myr og noko dyrka mark. Forslaget til ny arealdel tar i mykje større grad omsyn til jordvern og bevaring av myr gjennom at det er tatt ut store område som er avsett til fritidsbustadformål i planforslaget.



Figur 12 Planreserve og bruk av areal i Bygland Kjelde: Agdertall.no

## 3.2 Plante- og dyreliv

Den største trusselen mot naturmangfaldet i Noreg er at leveområda for dyr og plantar blir øydelagt eller delt opp. Naturreservat, nasjonalparkar og andre verneområde bidrar til å sikre naturverdiar og bevare områder av internasjonal, nasjonal og regional verdi.

Samla sett er 55% av kommunen sitt areal bandlagt. Det vere seg landskapsvernområde, naturreservat, verna vassdrag, utvalde naturtypar, nasjonalt villreinområde m.m. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde og verneplanane for vassdraga Njardarheim og Tovdalsvassdraget utgjør den største delen av dei verna områda. Gjennom den statlege ordninga med frivillig vern av skog blir stadig nye område verna og avsett som naturreservat. Nokre av områda overlappar kvarandre.


| Verna område   | % av totalarealet |
|----------------|-------------------|
| Landskapsvern  | 21,3              |
| Verna vassdrag | 49,5              |
| Naturreservat  | 2,8               |



### 3.3 Vatn

Vassregion Agder omfattar største delen av Agder fylke og mindre delar av fylka Vestfold og Telemark og Rogaland. Sjølv om vasskvaliteten i delar av vassregionen er god, så er det også store utfordringar som forsureing, krypsiv og konsekvensar av vasskraftregulering.


Vann-Nett viser at dei største utfordringane i Agder vassregion er langtransportert forureining (sur nedbør), følgd av vasskraft, introduserte artar og sjukdommar.



Figur 13 Vassområde Otra Kjelde: Vann-Nett.no/Vannstatistikk


### 3.4 Forureining

Avløpsreinsing er en helt nødvendig teneste og funksjon i dagens moderne samfunn. Jf. Agdertall.no/SSB er 66% av innbyggjarane i Bygland knytt til reinseanlegg der reinsekrava er oppfylt. 11% av er knytt til reinseanlegg der reinsekrava ikkje er oppfylt.



Figur 14 Status kommunale reinseanlegg i Agder Kjelde: Agdertall.no/SSB

EU-landa sette i 2018 som målsetting at halvparten av alt hushaldningsavfall skal gjenvinnast i kvart enkelt EU-land innan 2020. Noreg har prinsipielt slutta seg til desse målsettingane. Figur 14 syner at Bygland ligg lågt på levering av hushaldningsavfall til gjenvinning i Agder. Kommune ligg på same nivå som resten av kommunane i Setesdal.



### 3.5 Oppsummering

Det er i dag ei aukande erkjenning av at vår åtferd kan være øydeleggende for det biologiske mangfaldet på jordkloden. Dette fører til at det er blitt viktigare å ha eit gjennomtenkt forhold til korleis vi nyttar og tar i vare naturareala.

Miljø- og klimamessig berekraft handlar om at omsynet til klima og natur skal vere førande for alt vi gjer når vi utviklar samfunnet vidare. Det må tas omsyn til planeten og naturen sine tolegrensar for å unngå å bli meir sårbare for natur- og sultkatastrofar. Klima- og naturkrisa kjem som følge av klimaendringane og tapet av naturmangfaldet i verda.

Den største trusselen mot naturmangfaldet i Noreg er at leveområde for dyr og planter blir øydelagd og delt opp. Naturreservat, nasjonalparkar og andre verneområde bidrar til å sikre naturverdiar og bevare område av internasjonal, nasjonal og regional verdi. Verneområde kan også bli oppretta for å ta vare på landskapet sin eigenart og kulturminne.


Dei indre delane av Agder er svært tynt busett, og de øvre delane av vassdraga er lite påverka av industri, tett busetnad og landbruk. Men det er store vasskraftreguleringar i de fleste vassdraga, som også påverkar vassføringsforholda i dei nedre delane. Arealendringar og fysiske inngrep i og langs vassdrag kan gi konsekvensar for vassmiljøet. Kommunen skal sørge for at det tas nødvendig omsyn til vassmiljø og dei miljømåla som er fastsett i regional plan for vassforvaltning i vassregion Agder.

## 4 Klima

### 4.1 Utslepp klimagassar

Regionplan Agder 2030 seier at klimagassutsleppa skal bli redusert med 45% innan 2030. Bygland står for under 1% av Agder sine klimautslepp. For Bygland er moglegvis dei viktigaste tiltaka knytt til bevaring av myr, elektrifisering av transport og tiltak innan jordbruket. Utslepp pr. innbyggjar er like høge i Bygland som for resten av Agder.

Ladeinfrastruktur er under utbygging og har gjort til at fleire skaffar elbil. Kommunen har som målsetting å kjøpe fossilfrie tenestekøyretøy.




Figur 16 Klimagassutslepp pr. sektor i Bygland 2021 Kjelde: Agdertall.no/Miljødirektoratet

### 4.2 Klimagassreduksjonar

Agder har gjennom ein kombinasjon av sin plassering, infrastruktur og vasskraftproduksjon ein unik global fornybar kraft-posisjon. Samla gjer dette til at Agder kan kalle seg verdas største fornybare kraftknutepunkt. Ingen andre stader er det ein så god og sikker tilgang på rimeleg fornybar kraft.

Agder fylkeskommune sitt målbilete Electric Region Agder 2030 handlar om å utnytte eitt av regionen sine globale fortrinn for å realisere ein visjon om eit Agder der alt er elektrisk, alt er fornybart. Dette skjer gjennom å elektrifisere samfunnet ved å erstatte fossil energi med fornybar elektrisitet, og samtidig legge til rette for grøn næringsutvikling som tar i bruk det store kraftoverskotet i regionen. Visjonen er å gjere Agder til verdas første heilt elektriske og heilt fornybare samfunn.



Figur 17 Kjelde: Agdertall.no/Electric Region Agder

## 4.3 Klimatilpassing

Klimaendringane og effektane av desse har konsekvensar for viktige verdier i samfunnet og i naturen.

Framover vil landbruket ha utfordringar knytt til ekstremvær, tørke og auka førekomst av plante- og dyresjukdommar som kan redusere produktiviteten. Generelt er det forventat at meir nedbør vil gje vanskelegare dyrkings- og innhaustingsforhold. Skog og våtmark vil ha ein viktig funksjon for å forhindre skred og flaum. Samtidig kan mildare klima med meir nedbør og lengre vekstsesong gi positive endringar med auka matproduksjon og moglegheit for nye vekstar.

For å sikre at ein når dei nasjonale måla for naturmangfald og friluftsliv, er tilpassing heilt nødvendig. Samtidig kan natur og naturbaserte løysingar bidra til å dempe verkingane av klimaendringane i andre delar av samfunnet.

Klimaendringane aukar påkjenningane på kulturminne og kulturmiljø, og fører til både akutte hendingar og skader som utviklar seg over tid. I eit klima i endring blir godt vedlikehald og skjøtsel enda viktigare enn før. For eksempel vil ein forlenga vekstsesong kunne føre til at kulturlandskap gror raskare igjen. Vurdering av risiko, gjennomføring av risikoreduserande tiltak og god beredskap er viktig for å redusere tapet av kulturhistoriske verdier.

Saman med klimaendringar er samfunnsendringar som for eksempel urbanisering og avhengigheit av teknologi, viktige drivarar for ny og auka risiko og sårbarheit på dei fleste områda i samfunnet. Desse samansette utfordringane krev ei anna tilnærming til planlegging. Risiko- og sårbarheitsanalyser og kartlegging av naturfare er viktige verktøy for å gjere gode vurderingar i samfunnsplanlegginga.

## 4.4 Oppsummering

Klimagassutslippa i Bygland kommune er låge. Dei største bidraga kjem frå vegtrafikk og jordbruk. Nivået på utslippa har vore stabile over fleire år. Bygland kommune har spreidd busetting og lange avstandar. Vi er avhengige av å kunne nytte bilen som framkomstmiddel. Kollektivtilbodet er avgrensa på grunn av lite passasjergrunnlag.

Klimaendringane påverkar samfunnet på så mange område. Det er mogleg å nytte bevisstgjeringsa til å tenkje nytt og moglegvis betre i bruk av ressursar og i tilrettelegginga av drift og utvikling.


Det viktigaste elementet for å nå regionplan Agder 20230 sitt klimamål om å kutte 45% av direkte klimautslepp innan 2030, er å bytte ut all bruk av fossil energi i transportsektoren med elektrisitet/hydrogen. Samtidig som det må bli satsa på fangst av karbon og lagring (CCS) i avfallsforbrenning og industri.

## 5 Mobilitet

Bygland har høg andel menneske som nyttar privatbil, og færre som reiser kollektivt og sykklar i forhold til landsgjennomsnittet.

### 5.1 Trafikktryggleik


Arbeidet med trafikktryggleik rettar seg etter nullvisjonen; det skal ikkje førekome ulykker med drepne eller hardt skadde i transportsystemet.



Figur 18 Talet på drepne og hardt skadde i Bygland 1999-2022 Kjelde: Agdetall.no/SSB

### 5.2 Kollektivtransport

Kollektivtrafikken skal gi god mobilitet til alle. Økonomiske ressursar sett rammer for kva for mobilitetstilbod Agder kollektivtrafikk (AKT) kan gi. Ungdata i Agder (2022) syner at 22% av elevane ved Bygland ungdomsskule synest at kollektivtilbodet der dei bur er bra.



Figur 19 Prosentdel av elevar i ungdomsskulen som synest at kollektivtilbodet der dei bur er bra 2022 Kjelde: Agdertall.no/Ungdataundersøkinga 2022

Talet på påstigningar i Bygland har vore stabilt dei siste fem åra, med ein nedgang i 2020. Årsaka til det er truleg covid19-pandemien.

### 5.3 Digital infrastruktur

Det Digitale Agder (DDA) er eit samarbeidsprosjekt mellom Agder fylkeskommune og kommunane i Agder. Formålet er å fremje utbygging av digital infrastruktur, og skaffe deltakarane gode avtalar for telefoni og breibandkapasitet. Bygland har saman med dei andre Setesdalskommunane hatt stort fokus på utbygging av digital infrastruktur for innbyggjarane og med tanke på beredskap. Kommunane har samarbeidd om stamnettet og gjeve tilskot til etablering av fiberbreiband til husstandane. Figur 17 syner at kommunen har høg breibanddekning.




Figur 20 Breibanddekning husstandar i Bygland 2023 Kjelde: Agdertall.no/Nkom

### 5.4 Infrastruktur el-bilar


Utsifting til meir energieffektive køyretøy, større del elbilar og krav frå mynda har gitt ein stadig høgare innblanding av biodrivstoff som har redusert utsleppa frå denne sektoren betrakteleg.

Å bytte ut den fossile bilparken med elektriske køyretøy har mange fordelar: Kutt i klimagassutslepp, reduserte kostnader til drivstoff, forsikringar og avgifter, mindre støy og mindre lokal forureining.

Nesten halvparten av bensin- og dieselbilistane oppgir hurtigladarutfordringar som ein grunn til å ikkje velje elbil. Bygland har relativt få ladepunkt med tanke på gjennomgangstrafikk og turisme.



Figur 21 Utvikling av talet på el-bilar i Bygland Kjelde: Agdertall.no/SSB



Figur 22 Talet på ladepunkt for el-bilar fordelt på kommunar i Agder Kjelde: Agdertall.no/Nobil.no

## 5.5 Oppsummering

I Bygland som har lite kollektivtransport, må det bli vidareutvikla løysingar som gir god mobilitet. Regionplan Agder 2030 har som målsetting at klimagassutslepp frå samferdsel skal bli kutta med 50% samanlikna med 2005. Desse klimamåla kan ikkje bli nådd utan ein godt utbygd ladenettverk. Agder fylkeskommune har som mål å doble sykkelandelen frå 2 til 4 %, og å auke gåandelen frå 12 til 14 %. Dette er ambisiøse mål ut frå geografi.


Gode mobilitetstilbod til ungdom i nærområdet er viktig for trivsel og tilhøyrse. Kor nøgd ungdom er med kollektivtilbodet er noko av det som varierer aller mest mellom tettstadane i Ungdata. Dette viser at kommunane og fylkeskommunane kan gjere mykje for å legge til rette for ungdommar sin trivsel.



## 6 Utdanning og kompetanse

### 6.1 Grunnskulen - elevtal

Tendensen er at det går mot færre og større skular i Noreg. Dei siste 10 åra har det vore ein nedgang på 240 skular. Talet på elevar pr. skule i 2021-2022 var i gjennomsnitt 230 som er 25 fleire enn for 10 år sidan. Figuren under syner at elevtalet i Bygland går ned. Sidan 2000 har talet på elevar blitt redusert med 67 elevar.



Figur 23 Talet på elevar i grunnskulen i Bygland 2000-2023 Kjelde: Agdertall.no/Utdanningsdirektoratet

Bygland oppvekstsenter har hatt den største nedgangen i talet på elevar av dei to oppvekstsentera i kommunen.

### 6.2 Grunnskulepoeng


Samanlikning av grunnskulepoeng syner at grunnskulen i Bygland kommune gjer det godt både samanlikna med Agder og på landsbasis, og har ein stigande trend over dei 10 siste åra.



Figur 24  
Grunnskulepoeng

i Agder Kjelde: Agdertall.no/Utdanningsdirektoratet


Figur 25 Grunnskulepoeng i Bygland 2013-2023 Kjelde: Utdanningsdirektoratet



## 6.3 Nasjonale prøver

Formålet med nasjonale prøver er å gi skulen kunnskap om ferdigheitene til elevane i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet. Resultata på nasjonale prøver blir målt i skalapoeng. Nasjonalt resultat på kvar prøve på 5. og 8. trinn blir sett til 50, og den enkelte skule blir målt i forhold til avvik frå nasjonalt resultat. Merk at for 9. trinn blir endring målt frå 8. trinn.

Bygland ligg under dei nasjonale resultata og under gjennomsnittet i Agder for 5. trinn. For 8. trinn ligg Bygland over gjennomsnittet både nasjonalt og i Agder. For 9. trinn er Bygland litt under for lesing og på gjennomsnittet for rekning.



Figur 26 Resultat nasjonale prøver 2022-23 Kjelde: Agdertall.no/Utdanningsdirektoratet

## 6.4 Skulebidragsindikator

Skulebidragsindikatorane skal gi ein indikasjon på kva skulen sin innsats har å seie for læringa til elevane. Indikatorane skal brukast i det lokale arbeidet med skulane, og må sjåast i samanheng med annan informasjon om skulen.

Ein skulebidragsindikator kan tolkast som:

Forskjellen mellom det elevane faktisk oppnår (for eksempel snittkarakter på skriftleg eksamen 10. trinn) og det vi forventar at elevar skal oppnå når vi tar omsyn til elevane sine føresetnadar.

For å ta omsyn til elevgrunnlaget ser vi på elevane sine tidlegare resultat - f.eks. på nasjonale prøver 8. trinn for elevar som avslutta ungdomsskolen - og/eller familiebakgrunn (foreldrane si utdanning, hushaldningsinntekt og innvandringsbakgrunn).

Dersom ein skule har eit faktisk resultat som er i tråd med forventa resultat vil skulebidraget vere lik gjennomsnittet for alle skular i landet – som er null.

Indikatorar med positivt forteikn indikerer at skulen har eit skulebidrag som ligg over landsgjennomsnittet, medan ein negativ verdi indikerer at skulen har eit skulebidrag som ligg under landsgjennomsnittet. Det er knytt noko usikkerheit til tala, spesielt i forhold til små skular. Ein elev som presterer svært godt eller svært dårleg, vil påverke gjennomsnittet mykje meir på ein liten skule enn på ein stor skule. Desto fleire elevar eit gjennomsnittresultat er basert på, desto sikrare er vi på gjennomsnittet.

Skulebidraget i Agder er under nasjonalt resultat. For Bygland er skulebidraget under landsgjennomsnittet for småskulen og over landsgjennomsnittet for mellomtrinnet.




Figur 27 Skulebidrag, 1-4. trinn 2021-22 Kjelde: Agdertall.no/Utdanningsdirektoratet



Figur 28 Skulebidrag, 5-7. trinn 2021-22 Kjelde: Agdertall.no/Utdanningsdirektoratet

## 6.5 Læringsmiljø


Utdanningsdirektoratet sin elevundersøkelse syner at grunnskulen kjem dårlegare ut innan læringsmiljø. Bygland ligg lågare innan både trivsel, motivasjon og læringskultur enn både Agder og Noreg.



## 6.6 Spesialundervisning

Spesialundervisning må sjåast i samanheng med prinsippet om tilpassa opplæring, som omfattar både den ordinære opplæringa og spesialundervisning. Skulen sin evne til å gi elevane opplæring som tar i vare deira faglege og sosiale utvikling innanfor ramma av ordinær opplæring, er med på å avgjere behovet for spesialundervisning.

Spesialundervisning skal ivareta moglegheitene elevane skal ha til å nå realistiske mål dersom det ikkje lar seg gjere innanfor ordinær opplæring. Derfor er det viktig at skulen bevisst bruker det handlingsrommet som ordinær opplæring gir, før eleven blir meldt til PP-tenesta for vurdering om behov for spesialundervisning. Eleven sine lærevanskar kan ha årsak i individuelle forhold, forhold i læringsmiljøet og/eller mangelfull tilrettelagt opplæring. Bygland har fleire elevar som får spesialundervisning enn gjennomsnittet i Agder og i Noreg.



Figur 30 Elevar i grunnskulen som frå spesialundervisning (prosent) Kjelde: Agdertall.no/SSB

## 6.7 Vidaregåande opplæring

Nesten alle ungdommar startar i vidaregåande opplæring. Fullført og bestått vidaregåande opplæring er ein av de viktigaste føresetnadene for å delta i arbeids- og samfunnslivet og for å unngå utanforskap både i dagens og i framtidas samfunn. Utdanning og kvalifisering er også en viktig faktor for integrering. Gjennomføringsgraden for Bygland sine ungdommar er 93%, som er høgare enn nasjonalt snitt som er 81%.


Arbeidslivet har behov for fagarbeidarar. Utdanningsdirektoratet sin statistikk syner at Agder har eit høgare del elevar på yrkesfag enn på studieførebuande enn på landsbasis. Jenter og gutar tar ulike utdanningsval.

Kjønnsforskjeller i utdanningssystemet gjenspeiler i stor grad kjønnssegregeringa i arbeidsmarknaden. Fleire jenter enn gutar vel studieførebuande program på vidaregåande, medan flest gutar vel yrkesfag. Det har vore ein betydeleg vekst i talet på jenter i Agder som startar på bygg- og anleggsteknikk på VG1.

## 6.8 Utdanningsnivå

Det er klare samanhengar mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Arbeidslivet i Agder har er stort kompetansebehov. Sosial bakgrunn og foreldra sitt utdanningsnivå har stor betyding for kven som vel å studere og korleis det går med studia.


Figuren under syner at mange fullfører vidaregåande skule, men utdanningsnivået i kommunen er lågare enn både Agder og Noreg. Nivået følgjer i stor grad dei andre mindre kommunane i Agder. Det er dei større byane langs kysten som har høgast utdanningsnivå saman med Bykle.



Figur 31 Utdanningsnivå 2022 Kjelde: Agdertall.no/SSB


## 6.9 Kompetansebehov

Kompetansepilot Agder er eit treårig pilotprosjekt leda av Agder fylkeskommune, i tett samarbeid med kommunar og interkommunale politiske råd i Lister, Setesdal og Østre Agder. Målet er å mobilisere distriktsnæringslivet til kompetanseutvikling. En viktig del av oppdraget i modellen er ei kontinuerleg kartlegging av kompetanseutviklingsbehovet hos næringslivet i distriktskommunane i Agder. Figuren under syner status for kompetanseutviklingsbehov basert på innspel frå næringslivet.



Figur 32 Talet på tilsette som har eit kompetansebehov, fordelt på bransjetilhørslr Kjelde: Agdertall.no/Kompetansepilot Agder

Neste figur syner talet på nye lærlingkontraktar med ungdomsrett på utdanningsprogram og læreavg i Setesdal. Det syner mellom anna at talet på lærlingkontraktar innan bygg og anleggsnæringa er positivt med omsyn til kompetansebehovet.



Figur 33 Talet på nye kontraktar fordelt på utdanningsprogram i Setesdal 2022 Kjelde: Agdertall.no/Utdanningsdirektoratet

## 6.10 Oppsummering

Utdanning er ein føresetnad for utvikling, og gjer kvar enkelt av oss i stand til å bidra til eit berekraftig samfunn. God utdanning handlar om å sikre best mogleg føresetnadar, for flest mogleg, med tanke på overgang frå opplæring og utdanning til arbeidsmarknaden. Utdanning er ein viktig del av oppvekstmiljøet, og det er ein av beskyttelsesfaktorane for god folkehelse.

Bygland har hatt gode resultat på nasjonale prøver og grunnskulepoeng over fleire år. Det vil vere større svingingar i resultata grunna små klassetrinn i kommunen.

Det er fleire elevar med behov for spesialundervisning enn gjennomsnittet i Agder. Spesialundervisning skal ivareta elevane sin moglegheiter til å nå realistiske mål dersom det ikkje lar seg gjere innanfor ordinær opplæring. Derfor er det viktig at skulen bevisst brukar det handlingsrommet som ordinær opplæring gir, før eleven blir meldt til PP-tenesta for vurdering om behov for spesialundervisning. Eleven sine lærevanskar kan ha årsak i individuelle forhold, forhold i læringsmiljøet og/eller mangelfull tilrettelagt opplæring.


Endringar i samfunnet og arbeidslivet skjer raskt. Framtidige satsingar må bygge på samfunnstrender og kunnskap om dagens og morgondagens arbeidsliv. Aldersberee vna for Bygland syner at vi har eit ekstra stort behov for helsearbeidarar i åra framover.

## 7 Oppvekst og levekårsforhold

Levekår handlar om dei objektive/materielle ressursane og omgjevnadane ein innbyggjar har eller bør ha tilgang til (for eksempel utdanning, arbeid, inntekt, gode butilhøve og fritidsarenaer). Oppvekstvilkår er definert som dei omstenda ein veks opp under, dvs. dei fysiske, materielle, geografiske, psykiske og sosiale forhold.

### 7.1 Risikogrupper for låginntekt


Ein oppvekst i vedvarande låginntekt kan føre til samansette utfordringar og levekårsproblem på fleire område, og at levekårsproblema ofte kan forsterke kvarandre. Konsekvensane av oppvekst i låginntektsfamiljar er svært samansette, noko som fordrar ein heilskapleg tilnærming innanfor område som familieforhold og samspel, sosial deltaking og relasjonar til jamaldrande, kriminalitet, utvikling, helse, helseåtfærd, utdanning og overgang til vaksenlivet, nærmiljø, buforhold og overføringar mellom generasjonar med tanke på moglegheiter og hindringar. Bygland har ein høgare del barn som veks opp i vedvarande låginntekt enn både Agder og landet elles. Det har vore ein markant auke dei siste 10 åra.



Figur 34 Prosentdel barn (0-17 år) med vedvarande låginntekt Kjelde: agdertall.no/Folkehelseinstituttet

Oppvekst i låginntekt blir ofte behandla som synonymt med barnefattigdom i Noreg. Figur 34 syner at det er markant fleire barn i Bygland som er i risiko for fattigdom enn i Agder.





Figur 35 Prosentdel av barn som er i risiko for fattigdom 2021 Kjelde: Agdertall.no/Barnefattigdom.no

Det er tre hovudforklaringar til at barn veks opp i vedvarande låginntekt. Den viktigaste årsaka er at det har vore ei auke i barn med innvandrarbakgrunn, der foreldra har låg utdanning og svak yrkestilknytning. Det er også ein stor del barn som veksst opp med ein einsleg forsørgjar eller med foreldre som har fysisk eller psykisk sjukdom, rusproblem eller funksjonsnedsetting. Ein stor del av foreldra i låginntekstfamiliiane har lite utdanning og svak tilknytning til arbeidsmarknaden.

Den andre årsaka handlar om den generelle inntektsutviklinga i Noreg dei siste 20 åra. Trass i ei høg inntektsutvikling generelt, har barnefamiliar hatt ei svakare inntektsutvikling samanlikna med hushaldningar utan barn.

Den tredje forklaringa er at stønader og offentlege overføringar ikkje har auka like mykje som lønsveksten, noko som gjer at inntektsgivande arbeid har blitt viktigare for barnefamiliar enn før.

## 7.2 Barnehage


Gode barnehagar verkar psykisk helsefremjande, styrker barnet si kognitive utvikling, deira evne til språkutvikling og deira lese- og matteferdigheiter. Dette motverkar utanforskap, som er ein av dei viktigaste risikofaktorane for utvikling av psykiske helseproblem blant barn og unge.

Effektane ser ut til å vere langvarige. Det visast gjennom at barn som har gått i barnehage i Noreg, i større grad tar høgare utdanning som vaksne. Dei er oftare sysselsett og dei bruker i mindre grad sosiale tenester.

Det er godt dokumentert at barn i låginntekstfamiliar kan ha stort utbytte av å gå i barnehage. Det er derfor særleg viktig å auke deltakinga i barnehage blant barn i fattige familiar.

Barnehagar, sfo og skular har eit stort potensiale til å bidra meir til å utjamne sosiale ulikskapar.

Bygland ligg noko lågare enn gjennomsnittet i Agder i delen born som går i barnehagen. Skilnaden er størst for barn i alderen 1-2 år.



Figur 36 Prosentdel born (1-5 år) i barnehage Kjelde: Agdertall.no/SSB


### 7.3 Skulebeskyttelse

Telemarkforskning sin rapport Ung i Setesdalsregionen syner ulike indikatorar for helse- og åtferdsutfordringar, risiko- og beskyttelsesfaktorar blant ungdom i Setesdal. Skolen som beskyttande faktor kan knytast til ulike aspekt ved det som blir kalla skoleklime. Eit godt skoleklime blir kjenneteikna av : 1) Sikkerheit (som skolereglar og normer); 2) gode relasjonar; 3) gode føresetnadar for undervisning og læring; 4) fysiske fasilitetar og 5) forbedringsprosessar. Eit godt skoleklime kan bidra til betre psykisk helse, mindre normbrot, redusert bruk av rusmidlar og betre skuleresultat hos elevane. Det er så få elevar på ungdomstrinnet på Bygland skule at rapporten berre syner hovudresultat oppsummert.

I Setesdalsregionen har 19 % av ungdomsskuleelevane høg skulebeskyttelse (2022). Det er ein nedgang på 8% frå 2019. I Agder er gjennomsnittet 20%, og rapporten seier at Bygland ligg litt lågare på skulebeskyttelse enn Agder.

### 7.4 Nærmiljø


Å vakse opp i eit nabolag og lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og varierte fritidsaktivitetar fremjar trivsel og helse blant barn og unge. I tillegg er oppleving av tryggleik i nærområdet ei viktig side ved befolkninga sin livskvalitet. Å ha god og enkel tilgang til ulike typar fasilitetar og servicetilbod lokalt blir trekt fram som ein viktigaste faktorane for å gjere lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.



Figur 37 Elevar i ungdomsskolen Kjelde: Agdertall.no/Unidataundersøkinga 2022

Folkehelseundersøkinga 2019 syner at innbyggjarane i Bygland opplever å ha svært god tilgang til parkar og grøntareal. Tilgjengelegheita til butikkar og andre servicetilbod blir opplevd som god.


SSB sin statistikk viser delen busette som har tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng. I sin kunnskapsoversikt over miljø og helse beskriver Folkehelseinstituttet (2009) at utnyttinga av grøntområde faller ved aukande avstand frå bustad. Spesielt barn sin aksjonsradius er avgrensa. De fleste 5-6-åringar oppheld seg mindre enn 100 meter frå eigen bustad. I gjennomsnitt er grensa for kor langt folk vil gå eller sykle for å kome til eit grøntområde ca. 10 minuttar. I praksis betyr dette maksimum 400 meter for barn og eldre.



Figur 38 Prosentdel med trygg tilgang til rekreasjonsareal Kjelde: Agdertall.no/SBB

## 7.5 Sosial deltaking

Analyser av Ungdata-materialet viser at det er sosial ulikskap i deltaking, både når vi ser på kven som ikkje deltar i organiserte fritidsaktivitetar, og kven som ikkje har vore ute med venner størstedelen av kvelden. Når vi ser på kven som har vore sosiale på nett, ser vi at elevar med lågast sosioøkonomisk status oppgir i større grad å ha vore sosial på nett størstedelen av kvelden.




Figur 39 Del av elevar som ikkje er med på organiserte fritidsaktivitetar i Agder fordelt på SØS 2022 Kjelde: Agdertall.no/Ungdataundersøkinga 2022


## 7.6 Barnevern

Barnevernstiltak er ei rekke ulike tiltak som blir sett i verk for å ta i vare barn sine omsorgsbehov. Barnevernet kan sette inn ulike hjelpetiltak for å auke foreldrekompetansen, kompensere for manglar i omsorga, eller avlaste foreldra. Dersom barnevernet sine hjelpetiltak ikkje er tilstrekkelege for å sikre barnet ein forsvarleg omsorgssituasjon, kan barnet bli flytta ut av heimen.

Indikatoren under gir ein status for delen barn som mottar barnevernstiltak i befolkninga i aldersgruppa 0-17 år. Indikatoren er interessant å følge over tid, også på tvers av barnevernstenester. Det vil vere viktig for kommunen å følge med på kor stor del av barn som har barnevernstiltak.



29



Ulik del barn med barnevernstiltak mellom kommunane kan skuldast ulikskap i levekår, ulike tersklar for å yte barnevernstiltak, samt korleis barneverntenesta er innretta i kommunen – om forebyggjande tiltak blir gitt av barneverntenesta eller andre hjelpetenester i kommunen.

Det er kjent at låg sosioøkonomisk status gir høgare risiko for barnevernstiltak. Altså samsvarer tala du finn her med tal for låginntekt og statistikkar frå NAV.

## 7.7 Oppsummering

Foreldra sin utdanningsbakgrunn, økonomi, butilhøve, fysiske og psykiske helse, forhold til rus og tilknytning til arbeidslivet påverkar kvar og for seg barn sine levekår og livssjansar. Barn som veks opp i fattige familiar opplever ofte negative konsekvensar på fleire av desse områda. Det er i tillegg ein risiko for at barn som veks opp i fattige familiar sjølv hamnar i låginntektsgruppa som vaksne, og at fattigdom på denne måten blir nedarva. Samanlikna med andre barn skårar dei i gjennomsnitt lågare på indikatorar for fysisk og psykisk helse. Barnehagedeltakinga er lågare for denne gruppa og dei deltar i mindre grad i fritidsaktivitetar. Dei gjer det dårlegare på skulen, færre fullfører vidaregåande skule og færre tar universitetsutdanning. Fullført og bestått vidaregåande opplæring er ein av dei viktigaste føresetnadane for å delta i arbeids- og samfunnslivet og for å unngå utanforskap både i dagens og i framtidens samfunn. Utdanning og kvalifisering er også en viktig faktor for integrering. Arbeid er ein av dei viktigaste påverknadsfaktorane for helse. Å sørge for likestilling og inkludering i samfunnet er sentralt for å løfte levekåra i heile befolkninga. Å sikre at alle barn og unge veks opp med like moglegheiter vil vere eit viktig innsatsområde for å redusere sosial ulikskap.

## 8 Arbeidsliv

Et inkluderende arbeidsliv med høg deltaking, er viktig for bereevna til samfunnet. Å delta i yrkesaktivt arbeid er som regel helsefremjande og utgjør en avgjerande verdi for enkeltmenneske så vel som samfunnet det lever i. Å ha ein stor del av befolkninga i arbeid og inkludere fleire av dei som er i ytterkanten av arbeidsmarknaden, vil ha positiv effekt på folkehelsa generelt, samtidig som det kan redusere fattigdom og ulikskap. Sysselsettingsgrad og deltidsarbeid er viktige innsatsfaktorar for tilgang på arbeidskraft.


### 8.1 Sysselsetting

Agder er fylket med lågast del sysselsette pr. 2022 på 73,9%, medan landsgjennomsnittet er 77,4%. Bygland har også sysselsetting på 73,9%, og er derfor på gjennomsnittet i Agder.

Sysselsettinga i Bygland fordeler seg med 52% i privat sektor, 38% i kommunal forvaltning og 10% i statsforvaltninga.


Delen som arbeider deltid er høgare i Bygland enn i Agder, med 52% for kvinner og 22% for menn. Tala har vore nokså stabile dei siste 6 åra.

Figuren under syner talet på sysselsette fordelt på næringar i Bygland.



Figur 42 Talet på sysselsette fordelt på hovudnæringar i Bygland 2022 Kjelde: Agdertall.no/SSB

Figur 31 syner kva næring dei som er busett i Bygland, er sysselsett innan.



Figur 43 Talet på sysselsette med bustad i Bygland fordelt på hovudnæringar 2022 Kjelde: Agdertall.no/SSB

## 8.2 Inntekt


Eiga inntekt gir handlingsrom i eiga liv. Det er ein direkte samanheng mellom økonomiske ressursar og helse fordi privatøkonomien påverkar tilgang til helsefremjande forbruk. Majoriteten av befolkninga i Noreg har ein relativt høg levestandard og tilhøyrar hushaldningar med relativt god økonomi. Omfanget av fattigdom i absolutt forstand er avgrensa.

Likevel er det nokre som lever med ei inntekt og ein levestandard som ligg betydeleg lågare enn den generelle levestandarden i samfunnet. Svak eller manglande tilknytning til arbeidslivet er ein viktig årsak til fattigdom og låg inntekt. Låg inntekt aukar sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død. I tillegg har det å vakse opp i familiar som over tid har låginntekt stor betyding for barna si helse og velferd.

Det er vanleg å bruke hushaldningar med låginntekt som indikator for fattigdom. Vedvarande låginntekt er eit mål på delen av befolkninga som lever i hushaldningar der samla hushaldningsinntekta gjennom tre år er lågare enn 60% av medianinntekta. Utviklinga i Noreg dei siste tiår viser at stadig fleire barn veks opp i familiar med vedvarande låginntekt. Sidan årtusenskiftet har delen blitt tredobla. Delen aukar meir i Agder enn landsgjennomsnittet.

I Bygland er det ein høg del barn og unge i alderen 0-17 år som bur i hushaldningar med vedvarande låginntekt.,





Figur 44 Del personar i hushaldningar med vedvarande låginntekt, fordelt på aldersgrupper 2019-2021 Kjelde: Agdertall.no/Folkehelseinstituttet

## 8.3 Likestilling og inkludering


Likestilling er ein menneskerettigheit og demokratisk grunnverdi. Likestilling inneber deltaking på lik line for alle, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, etnisitet, livssyn, alder, seksuell orientering og funksjonsevne. Forskinga har over lang tid peikt på samanhengar mellom lågare grad av kjønnslikestilling og låg score på tradisjonelle levekårsindikatorar. Agder skilder seg negativt ut på ein rekke område innan likestilling. Kvinner i Agder tener i gjennomsnittet mindre enn kvinner i landet elles. I tillegg tener dei mindre enn menn. Det er færre kvinnelege kommunestyrerepresentantar og færre kvinnelege leiarar i Agder enn i landet elles. Likestilling mellom kvinner og menn kan bli belyst på mange måtar og ved hjelp av ulike typar statistikk. Dei ulike aspekta ved likestilling kan bli plassert i to grupper og langs seks til dels overlappende dimensjonar:

A: Institusjonelle og strukturelle rammer for lokal likestilling

- Offentleg tilrettelegging for potensiell likestilling
- Næringsstruktur og utdanningsmønster

B: Kvinner og menn sine lokale tilpassingar

- Fordeling av tidsbruk, arbeid/omsorg
- Fordeling av individuelle ressursar/innflytelse
- Fordeling av politisk innflytelse
- Fordeling av pengar




Figur 45 Kjelde: Agdertall.no/SSB

## 8.4 Arbeidsledighet

Arbeidsmarkanden i Agder er prega av låg ledigheit og høg etterspurnad etter arbeidskraft. Særleg stor er mangelen innan helse- og sosiale tenester og bygg- og anleggsbransjen. Arbeidsledige omfattar personar som har registrert seg heilt ledige eller delvis ledige hos NAV. Dei som er heilt ledige, er 100% ledige. Dei som er delvis ledige, har ein jobb, men ønskjer å jobbe meir.

NAV Agder sin statistikk frå august 2023 syner at arbeidsledigheita i Bygland er lågast i Agder.




Figur 46 Kjelde: NAV Agder

I Agder har delen personar med nedsett arbeidsevne i lengre tid ligge klart over landsgjennomsnittet. Ser vi dette i samanheng med den høge etterspurnaden etter arbeidskraft har regionen eit høgt nivå av ubrukt arbeidskraft. I Bygland er det 7,6% av innbyggjarane som har nedsett arbeidsevne pr februar 2023. Det er omtrent det same som gjennomsnittet for Agder.

## 8.5 Sjukefråver

Sjukefråværsstatistikken måler sjukefråværet blant lønstakarar i norske verksemdar, dokumentert gjennom eigen- og legemelding. Sjukefråværet i Agder ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Som landet elles er sjukefråværet høgare blant kvinner enn menn.

Bygland har nest lågast sjukefråvær i Agder med 4,2% pr. 1. kvartal 2023. Sjukefråværet er 6,7% blant kvinner og 2,1% blant menn. Gjennomsnittet i Agder i same periode er 6,4%.




Figur 47 Sjukefråvær i prosent 2020-2023 Kjelde: Agdertall.no/SSB

## 8.6 Stønader frå NAV

NAV utbetalte 32,9 milliardar kroner i Agder i 2022, og auka med 4% frå 2021. Dette skuldast i stor grad auken av tal på mottakarar av pensjon og uføretrygd. Alderspensjon utgjorde 46% av beløpet, medan 26% av utbetalingane var til uføretrygd.

Talet på personar som mottar uføretrygd har vakse jamt i fleire år, men nokre grupper aukar meir enn andre. Blant anna er det mange fleire kvinner enn menn som blir uføretrygda heilt, eller delvis. Over tid har vi også sett ein sterkare vekst i delen uføre under 30 år.

I Bygland mottar 19,8% av innbyggjarane uføretrygd pr. juni 2023. Gjennomsnittet er 14,2% i Agder og 11,5% i Noreg.



Figur 48 Mottakarar av uføretrygd i % for alle aldrar 2009-2023 Kjelde: Agdertall.no/NAV Agder

Delen som mottar arbeidsavklaringspengar, har variert over tid for Bygland, men ligg pr. 2023 på nivå med Noreg med 4,1% som er noko under Agder med 5,3%.

Det er svært få som mottar sosialhjelp i Bygland. I 2021 og 2022 var det under 1% jf. SSB.

Det er låge tal på unge med ytingar som arbeidsavklaringspengar (AAP)/Ufør i Bygland kommune. Dette gjeld for heile Setesdal. Dei som har behov for oppfølging ein periode, er som regel veldig motiverte for å kome i gang med utdanning/arbeid og raske å snu i døra.

Den høge delen uføretrygda/ikkje arbeidsføre kan ha samband med låge bukostnader og prisane i bustadmarknaden jamført inntekt, samt fleire «sliteyrke».

## 8.7 Utanforskap frå arbeidslivet

Som deltaking i arbeidslivet er knytt til velferd langs fleire dimensjonar som helse, levealder og materiell levestandard, er utanforskap frå arbeidslivet knytt til uhelse, lågare levealder og fattigdom. Agder har eit stort utanforskap frå arbeidslivet. Fylket ligg klart over landsgjennomsnittet uansett ulike framstillingar av utanforskapet.

Pr. 2022 var 9,1% av innbyggjarane i alderen 15-29 år i Bygland utanfor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak. Gjennomsnittet i Agder er 10,3%, og i Noreg er det 9,7%. Dersom vi ser på alle i alderen 15 år og eldre er 35% av innbyggjarane i Bygland i same situasjon. Ser vi på innbyggjarar med innvandrarstatus er delen 44%.

Bak uføretal treng det ikkje ligge utanforskap. Mange med uføregrad jobbar deltid. Andre igjen får overskot til å delta i frivillig arbeid fordi dei har moglegheit til å yte når helsa tilseier det.

Ordninga Varig tilrettelagt arbeid (VTA) kan vere eit godt verkemiddel i sysselsettingsarbeidet. Her ligg det ein 100% uføretrygd i botnen, arbeidsgivar får driftstilskot for å tilsette innan VTA. Det er ei fin løysning både for å få kontakt med arbeidslivet og for bruken av menneskelege ressursar. Tiltaket kan også føre til at nokre kjem

tilbake i ordinært arbeid.

## 8.8 Oppsummering

Det er ein høg del av befolkninga som er utanfor arbeidslivet i Bygland.

Eit inkluderande arbeidsliv med høg deltaking, er viktig for bereevna til samfunnet. Å delta i yrkesaktivt arbeid er som regel helsefremjande og utgjer ein avgjerande verdi for enkeltmenneske så vel som samfunnet det lever i. Deltaking i arbeidslivet er knytt til velferd langs fleire dimensjonar som helse, levealder og materiell levestandard. Å ha ein stor del av befolkninga i arbeid og inkludere fleire av dei som er i ytterkanten av arbeidsmarknaden, vil ha positiv effekt på folkehelsa generelt, samtidig som det kan redusere fattigdom og ulikskap. Sysselsetting, lønnsnivå, arbeidsledigheit, sjukefråver og uførheit er viktige indikatorar for å skildre tilstanden i arbeidslivet.

## 9 Næringsliv


### 9.1 Næringsstruktur

Agder har sterke klyngar og nettverk bl.a. innan leverandørindustri, prosessindustri, reiseliv og IKT, og framveksande nettverk bl.a. innan marine næringar, trebaserte næringar og digital handel. Innanfor fleire av disse næringane skjer det ein betydeleg digitalisering, automatisering og robotisering. Dette vil få stor tyding for ressursbruk og for korleis tenester blir utført og mottatt.

### 9.2 Verksemder og føretak

Agder har gjennom mange år utmerka seg som ein gründerregion med mange nyetableringar. I 2021 blei det etablert ca. 4 000 nye føretak i Agder, noko som utgjør 5,3% av alle nyetableringar i landet.

Talet på nyetableringar i Bygland har variert i perioden 2001-2021, men med ein stigande tendens. Av etableringane i 2021 er det berre 2 som har 1-4 tilsette, resten har ikkje tilsette.



Figur 49 Nyetableringar i Bygland 2001-2021 Kjelde: Agdertall.no/SSB

Det har vore ei lita auke i delen av føretak som har overlevd i fem år frå etableringsåret når vi ser på perioden 2015-2019. I 2015 var delen 29,6% og denne har auka til 31% i 2019 i Agder.

NHO sitt kommune-NM rangerer Bygland på 24. plass av 25 kommunar i Agder. Kommune-NM måler kommunane sin økonomiske berekraft og potensiale for vekst, slik sett kan ein seie at kåringa også måler attraktivitet for næringslivet. Kommune-NM måler ikkje politikk eller næringsvennlegheit direkte. Kommunar som blir rangert høgt i Kommune-NM har gjerne høg yrkesdeltaking, høg del av private som jobbar, ein ung og kompetent arbeidsstyrke, høg næringsvariasjon og god kommuneøkonomi. At ein kommune kjem dårlegare ut i

rangeringa, betyr ikkje nødvendigvis at utviklinga innanfor kommunen har vore negativ, men kan kome av at andre har hatt meir positiv utvikling over tid.

Tabellen under syner at Bygland ligg jamt over lågt på alle indikatorane.

| Kommune      | Total | Total i fjor | Næringsliv | Arbeidsmarkedet | Demografi | Kompetanse | Kommuneøkonomi |
|--------------|-------|--------------|------------|-----------------|-----------|------------|----------------|
| Kristiansand | 1     | 1            | 4          | 4               | 5         | 3          | 3              |
| Grimstad     | 2     | 2            | 3          | 7               | 1         | 2          | 4              |
| Bykle        | 3     | 3            | 21         | 1               | 3         | 16         | 15             |
| Lillesand    | 4     | 4            | 2          | 6               | 11        | 10         | 8              |
| Birkenes     | 5     | 7            | 1          | 15              | 7         | 12         | 6              |
| Arendal      | 6     | 5            | 5          | 16              | 15        | 1          | 11             |
| Lyngdal      | 7     | 8            | 7          | 11              | 13        | 13         | 5              |
| Hægebostad   | 8     | 10           | 12         | 12              | 2         | 15         | 12             |
| Vennesla     | 9     | 9            | 11         | 21              | 4         | 11         | 2              |
| Flekkefjord  | 10    | 14           | 14         | 10              | 10        | 9          | 16             |
| ...          |       |              |            |                 |           |            |                |
| Bygland      | 24    | 25           | 23         | 18              | 23        | 24         | 23             |

Figur 50 Kommune-NM for Agder 2023 Kjelde: NHO

**Næringsliv** – kommunen har lite kjøp av private tenester i prosent av brutto driftsutgifter og liten del privat sysselsetting.

**Arbeidsmarknad** – vi har låg del av befolkninga i alderen 20-66 år som er sysselsett og høg del som er uføre.

**Demografi** – vi har negativ befolkningsvekst og mindre del av unge i forhold til eldre i arbeidsstyrken.

**Kompetanse** – vi har få med minst fire års høgare utdanning og få med fagbrev.

**Kommuneøkonomi** – kommunen har høge administrasjonsutgifter, og 20 år fram i tid vil ein prosentvis høg del av befolkninga vere over 80 år i høve til dei i yrkesaktiv alder.

## 9.3 Tilsette i Bygland


Agdertall presenterer talet på tilsette (i bedrifter med meir enn 1 tilsett) i kartløyning. Resultatet for Bygland i 2023 er presentert i kartutsnitta under.






## 9.4 Pendling

Agder er systematisert i ni bu- og arbeidsmarknadsregionar etter funksjonell integrasjon på bakgrunn av pendlingsnivå og reisetid. Bygland er ein del av BA-region Evje og Hornnes saman med Åseral. Bygland er ei kommune der ein stor del både bur og arbeider. Bygland har størst både inn- og utpendling til Evje og Hornnes. I 2022 var det 166 som pendla inn til Bygland og 253 personar som pendla ut av Bygland.



Figur 52 Utpendling frå Bygland 2022 Kjelde: Agdertall.no



Figur 51 Innpending til Bygland 2022 Kjelde: SSB

## 9.5 Oppsummering

Eit særtrekk ved Agder er at industrinæringar som prosess- og mekanisk industri og leverandørindustri for olje- og gassverksemd står særleg sterkt, og Agder har sterke klyngar og nettverk innan desse sektorane. Ei hovudutfordring for Agder er at ein for låg del av befolkninga er sysselsett. Dette gjeld både kjønn, aldre, utdanningsnivå og landbakgrunn.


Bygland har hatt ei forvitring over tid innan næringslivet. Bedriftene gir folk jobb. Dei gir oss nye løysingar og gir fellesskapet skatteinntekter som finansierer velferdssamfunnet vårt. Dei store som små – butikken, hotellet, bonden og snekkaren – er alle saman viktige i kvardagen, og for å utvikle lokalsamfunnet. Det er i bedriftene de nye, grønne løysingane og jobbane blir skapt.

## 10 Kultur og fritid

### 10.1 Kulturtilbod og kulturaktivitet

Norsk kulturindeks er ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar. Telemarkforskning har rangert kommunane i Noreg med bakgrunn i ei rekke datakjelder. Kommunane blir rangert i ti kategoriar samt ei samla rangering som er summen av desse ti. I den samla rangeringa ligg Bygland på 182. plass i 2022.

Bygland si rangering i dei ulike kategoriane er vist i tabellen under.



Figur 53 Oversikt over rangering i Agder 2022 Kjelde: kulturindeks.no/Telemarkforskning

|                      | Poeng | Plassering |
|----------------------|-------|------------|
| Kunstnere            | 9     | 213        |
| Kulturarbeidere      | 11    | 233        |
| Museum               | 19    | 47         |
| Kulturarangement     | 0     | 317        |
| Kino                 | 11    | 161        |
| Bibliotek            | 38    | 69         |
| Scenekunst           | 6     | 139        |
| Kultur for barn      | 18    | 293        |
| Sentrale tildelinger | 3     | 158        |
| Frivillighet         | 21    | 88         |

Figur 54 Bygland si rangering 2022

### 10.2 Frivilligheit

Fritidstilbod er ein viktig del av barn og unge sin oppvekst. Deltaking i ulike fritidsaktivitetar gir moglegheit til å gjere noko saman med andre, vere ein del av eit fellesskap, få nye venner, vere aktive og oppleve meistring. I undersøkinga Ungdata 2022 Frivillig innsats er en viktig kraft for betre levekår og gode nærmiljø – at det finst eit mangfald av arenaer som verkar inkluderande, trivselsbyggande, aktiviserande og tillitsskapande i lokalsamfunnet gir ein meirverdi for regionen, den enkelte kommune og den enkelte innbyggjar.


Bygland frivilligsentral er ein motor i det frivillige arbeidet i kommunen. Det har vore opp i 80 frivillige knytt til sentralen, men pandemien har sett deltakinga noko tilbake. Det har også vore ein nedgang i aktivitetar etter pandemien.

## 10.3 Fritidstilbod

Fritidstilbod er ein viktig del av barn og unge sin oppvekst. Deltaking i ulike fritidsaktivitetar gir moglegheit til å gjere noko saman med andre, vere ein del av eit fellesskap, få nye venner, vere aktive og oppleve meistring. I undersøkinga Ungdata 2022 blei ungdommane bedt om å svare på spørsmål om det hender at foreldra/føresette manglar pengar til å betale for fritidsaktivitetar dei ønskjer å delta i. Omfanget av ungdom som opplever at foreldra av og til eller ofte manglar pengar til å betale for fritidsaktivitetar er likt som landet som heilheit. I Bygland er det 11% av elevane i ungdomsskulen og 14% av elevane i vidaregåande skule som manglar pengar til fritidsaktivitetar.

Det er stor variasjon mellom kommunane i Agder når det gjeld ungdom si deltaking i organiserte aktivitetar. Dette gjeld både blant ungdom i vidaregåande skole og ungdomstrinnet. For å måle ungdom si deltaking i organiserte fritidsaktivitetar i Ungdata, så blei ungdommane bedt om å svare på spørsmål om kor mange gonger den siste månaden dei har vore med på aktivitetar, møter eller øvingar i organisasjonar, klubber eller lag.

I Bygland er det 69% av elevane i ungdomsskulen som er med i ein organisasjon, klubb, lag eller forening, medan delen går ned til 39% for elevane i vidaregåande skule.



Figur 55 Delen av elevar som er med på organiserte fritidsaktivitetar 2022 Kjelde: Agdertall.no/Ungdataundersøkinga 2022

## 10.4 Kulturskule

Dei kommunale kulturskulane er viktige for kulturaktivitetane og kulturarbeidet i heile landet, og ein av hjørnesteinane i den kulturelle grunnmuren. Det utgjer og eit viktig fritidstilbod for barn og unge. Tabellen under syner talet på elevar i Bygland i den kommunale kulturskulen.

## 10.4 Elevar i kulturskolen

| År     | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--------|------|------|------|------|------|------|
| Elevar | 24   | 17   | 19   | 4    | 17   | 19   |

SSB manglar tal for kor mange elevar Bygland har hatt i kulturskolen i åra 2021 og 2022.

## 10.5 Idrettsaktivitet og anlegg

Norsk idrettsindeks 2021 frå Telemarksforskning er ei oversikt over idrettsaktivitet og idrettsanlegg i Noreg. Den består av følgjande indikatorar og har følgjande resultat for Bygland kommune:

**Idrettsaktivitet** (aktivitet relativt til folketal) – 19,4% (#274 av 356 kommunar)

**Anleggsdekning** (talet på idrettsanlegg pr. innbyggjarar) – 424,3 poeng (#46 av 356 kommunar)

**Utgifter til idrett** (netto driftsutgifter pr. innbyggjar) – 2452 kr (#22 av 356 kommunar)

Anleggsregisteret inneheld oversikt over alle anlegg i heile landet. Under er anlegga er registrert i Bygland kommune.

## 10.5 Idrettsaktivitet og anlegg

| Namn                    | Anleggsnr. | Anleggsstatus | Eigar              | Anleggskategori           | Anleggstype          |
|-------------------------|------------|---------------|--------------------|---------------------------|----------------------|
| Balløkke Ose            | 20684      | Planlagt      | Bygland idrettslag | Mindre utandørsanlegg     | Liten balløkke/-bane |
| Bygland skole ballbinge | 63014      | Eksisterande  | Bygland idrettslag | Mindre utandørsanlegg     | Ballbinge            |
| Bygland idrettshus      | 53356      | Eksisterande  | Bygland idrettslag | Idrettshus og servicebygg | Klubbhus             |

| Namn                                     | Anleggsnr. | Anleggsstatus | Eigar                       | Anleggskategori       | Anleggstype                 |
|------------------------------------------|------------|---------------|-----------------------------|-----------------------|-----------------------------|
| Bygland Frisbeegolfbane                  | 78814      | Planlagt      | Bygland idrettslag          | Mindre utandørsanlegg | Diskgolfanlegg              |
| Tuftepark Presteneset                    | 20684      | Eksisterande  | Bygland idrettslag          | Mindre utandørsanlegg | Trimpark                    |
| Bygland leirduebane                      | 22126      | Eksisterande  | Bygland jeger- og fiskarlag | Skyteanlegg           | Leirduebane (ute)           |
| Byglandsfjord turveg                     | 77680      | Planlagt      | Bygland kommune             | Friluftslivsanlegg    | Turveg                      |
| Trimpark                                 | 77818      | Planlagt      | Bygland kommune             | Mindre utandørsanlegg | Trimpark                    |
| Ose grendehus                            | 9943       | Eksisterande  | Bygland kommune             | Kulturarena           | Fleirbrukslokale for kultur |
| Tangen-Presteneset volleyballbane - sand | 10967      | Eksisterande  | Bygland kommune             | Mindre utandørsanlegg | Sandvolleyballbane          |
| Sanitæranlegg Presteneset                | 20678      | Eksisterande  | Bygland kommune             | Friluftslivsanlegg    | Sanitæranlegg               |
| Bygland skule - uteområde                | 74360      | Planlagt      | Bygland kommune             | Mindre utandørsanlegg | Fleirbruksområde (ute)      |
| Bygland skule klatreanlegg               | 75005      | Eksisterande  | Bygland kommune             | Klatreanlegg          | Klatre/buldrevegg (ute)     |

| Namn                                                  | Anleggsnr. | Anleggsstatus | Eigar           | Anleggskategori                  | Anleggstype                 |
|-------------------------------------------------------|------------|---------------|-----------------|----------------------------------|-----------------------------|
| Bygland skule trampolinar - små                       | 75008      | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg            | Fleirbruksområde (ute)      |
| Nesmoen skytebane Idrettshus                          | 42178      | Eksisterande  | Bygland kommune | Idrettshus og servicebygg        | Klubbhus                    |
| Bygland skole, flerbrukshall 45x25 m - Byglandshallen | 20677      | Eksisterande  | Bygland kommune | Idrettshaller og aktivitetssalar | Fleiridrettshall            |
| Bygland Kulturscene - skole, Kulturaula               | 33007      | Eksisterande  | Bygland kommune | Kulturarena                      | Fleirbrukslokale for kultur |
| Bygland skole svømmeanlegg                            | 33008      | Eksisterande  | Bygland kommune | Svømme- og stupeanlegg           | Opplæringsbasseng (inne)    |
| Bygland skole handballbane                            | 33009      | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg            | Liten balløkke/-bane        |
| Bygland skole Balløkke                                | 33010      | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg            | Liten balløkke/-bane        |
| Bygland skole volleyballbane                          | 33011      | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg            | Liten balløkke/-bane        |
| Bygland skole - klatreanlegg                          | 33012      | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg            | Fleirbruksområde (ute)      |

| Namn                                     | Anleggsnr. | Anleggsstatus | Eigar           | Anleggskategori       | Anleggstype          |
|------------------------------------------|------------|---------------|-----------------|-----------------------|----------------------|
| Sanitæranlegg Dalebukta                  | 20679      | Planlagt      | Bygland kommune | Friluftslivsanlegg    | Sanitærbygg          |
| Sanitæranlegg Reiårsfossen               | 20680      | Planlagt      | Bygland kommune | Friluftslivsanlegg    | Sanitærbygg          |
| Bygland idrettsbane - Fotball, grasbane  | 20442      | Eksisterande  | Bygland kommune | Fotballanlegg         | Fotballbane gras     |
| Hampetjønn nærmiljøanlegg Balløkke       | 10963      | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg | Liten balløkke/-bane |
| Hampetjønn tennisbane                    | 10964      | Eksisterande  | Bygland kommune | Racketsportsanlegg    | Tennisbane (ute)     |
| Hampetjønn Ballbinge                     | 63015      | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg | Ballbinge            |
| Byglandsfjord skole - hinderløype og gap | 1031       | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg | Hinderløype          |
| Byglandsfjord miniatyrskytebane          | 10965      | Eksisterande  | Bygland kommune | Skyteanlegg           | Skytebane (inne)     |
| Byglandsfjord skole Skytebane            | 16312      | Eksisterande  | Bygland kommune | Skyteanlegg           | Skytebane (inne)     |
| Byglandsfjord skole - balløkke/isflate   | 16313      | Eksisterande  | Bygland kommune | Mindre utandørsanlegg | Liten balløkke/-bane |



| Namn                                | Anleggsnr. | Anleggsstatus | Eigar                       | Anleggskategori                  | Anleggstype            |
|-------------------------------------|------------|---------------|-----------------------------|----------------------------------|------------------------|
| Byglandsfjord skole Ulike småanlegg | 16314      | Eksisterande  | Bygland kommune             | Mindre utandørsanlegg            | Fleirbruksområde (ute) |
| Byglandsfjord skole Badeplass       | 16315      | Eksisterande  | Bygland kommune             | Friluftslivsanlegg               | Badeplass              |
| Byglandsfjord skole fleirbrukshall  | 18116      | Eksisterande  | Bygland kommune             | Idrettshaller og sktivitetssalar | Fleiridrettshall       |
| Bygland Trialbane                   | 971        | Planlagt      | Bygland og omegn Trialklubb | Motorsportanlegg                 | Trial/enduroløype      |
| KVS - Bygland Idrettshall           | 51854      | Eksisterande  | KVA-Bygland AS              | Idrettshaller og aktivitetssalar | Fleiridrettshall       |

Figur 56 Idrettsanlegg i Bygland. Kjelde: Anleggsregisteret.no

## 10.6 Kulturminnevern

I dag blir dei fleste nye registreringar av kulturminne gjort som følge av undersøkingsplikta ved offentlege og større private tiltak samt ved reguleringsplanar. Tilveksten av kjente kulturminne blir derfor i stor grad spegla av dagens utbyggingsaktivitet. Kommunane har eit hovudansvar for å forvalte verneverdige kulturminne.

Oversikt over freda bygningar i privat eige, SEFRAK og tilskot frå Norsk kulturminnefond.

Dei 4 siste kolonnene gjeld tilskot frå Norsk kulturminnefond 2020 - 22

| Talet på fredag bygningar i privat eige (alle typar) pr. 1.1.2023 | Ståande SEFRAK-bygg | Mengde søknadar | Søknadsbeløp | Mengde tilsegn | Tilsegnsbelp |
|-------------------------------------------------------------------|---------------------|-----------------|--------------|----------------|--------------|
|-------------------------------------------------------------------|---------------------|-----------------|--------------|----------------|--------------|

| Talet på fredag bygningar i privat eige (alle typar) pr. 1.1.2023 | Ståande SEFRAK-bygg | Mengde søknadar | Søknadsbeløp | Mengde tilsegn | Tilsegnsbeløp |
|-------------------------------------------------------------------|---------------------|-----------------|--------------|----------------|---------------|
| 5                                                                 | 725                 | 24              | 2 304 250    | 10             | 607 000       |

## 10.7 Oppsummering

Kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, samt arenaer for tru og livssyn, er viktig for innbyggane sine levekår. Dei bidrar til å utvikle kreativitet og god folkehelse, og til deltaking og sosial integrering. Frivillig sektor er ein sentral del av Bygland sitt kulturliv. Bruken av kulturtilbod og deltaking i fritidsaktivitetar har dei seinare åra vore prega av koronapandemien og restriksjonane som blei innført – slik at tilbod, aktivitet og deltaking har vore redusert. Det er derfor vanskeleg å konkludere tydeleg når det gjeld utviklingstendensar dei seinare åra. Skuldast for eksempel nedgangen i ungdommen si deltaking i organiserte fritidsaktivitetar pandemi, eller er det uttrykk for ei meir langsiktig utvikling. Det blir det viktig å følge med framover på om deltaking i aktivitet, frivillig engasjement og bruk av kulturtilbod aukar igjen, eller om nedgangen fortsett.

# 11 Helse

God helse er den viktigaste ressursen vår. God helse og livskvalitet er ein grunnleggjande føresetnad for menneske sin moglegheit til å nå sitt fulle potensial og til å bidra til utvikling i samfunnet. Den enkelte sin helsetilstand heng nøye saman med andre utviklingstrekk i samfunnet, og blir påverka av miljø, økonomi og sosiale forhold.


Den generelle helsa til nordmenn er god. De siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men forbetringa har vore størst for personar med lang utdanning og høg inntekt. Dei med best helse har mest forbetring, dei med dårlegast helse har minst forbetring.

Det er stor sosial helseulikskap i Noreg, og det er aukande. Ikkje berre har dei nest fattigaste betre helse (i snitt) enn dei aller fattigaste, men de aller rikaste har også litt betre helse enn dei nest rikaste. Tilsvarande gjeld også for utdanningslengde.

## 11.1 Livskvalitet og psykisk helse

Livskvalitet blir ofte delt inn i to dimensjonar; den subjektive livskvaliteten handlar om korleis den enkelte opplever livet medan den objektive livskvaliteten handlar om sentrale sider ved livssituasjonen som friheit, tryggleik, helse, fellesskap og sjølvutvikling. Den subjektive livskvaliteten overlappar særleg med psykisk helse, den objektive med levekår.

24% av dei som har svara på Ungdata i Agder, oppgir at dei har høg livskvalitet. Det er ein høgare del blant gutane enn jentene. Indikatoren følger ein sosial gradient, det vil seie at det er fleire av ungdomane som kjem frå familiar med høg sosioøkonomisk status (SØS) som oppgir å ha høg livskvalitet. Sosioøkonomisk status er målt ut ifrå spørsmål om familien sine ressursar, blant anna foreldrena si utdanning, og materielle gode dei eig og har tilgang til.



Figur 57 Elevar si oppleving av livskvalitet i Agder 2022 Kjelde: Agdertall.no/Ungdataundersøkinga 2022

### 11.1.1 Sosial støtte

Med sosial støtte meiner vi i kva grad ein opplever å ha nære relasjonar, nokon som bryr seg og nokon å spørje om hjelp. Manglande sosial støtte aukar faren for både fysiske og psykiske lidingar, og kan ha effekt på både sjukelegheit og dødelegheit. Deltaking på ulike arenaer, som for eksempel på skole og gjennom utdanning, i arbeidslivet eller i lokalmiljøet, er ein viktig føresetnad for å opprette og vedlikehalde eit sosialt nettverk.

Ungdata syner at det er fleire elevar frå familiar med låg sosioøkonomisk status (SØS)[1] som oppgir at dei sjeldan eller aldri har nokon å vere saman med i friminutta eller på fritida i Agder, dvs. det er ein sosial ulikskap.

*[1] SØS handlar om kva sosial status eller klasse eit individ eller ei gruppe høyrer til, og blir ofte målt ved ein kombinasjon av utdanningsnivå, inntekt og yrke*

### 11.1.2 Einsemd

Einsemd kan forringe livskvaliteten, påvirke mennesket si oppleving av meistring og medføre risiko for dårlegare helse. Einsemd er ei subjektiv kjensle, og er ikkje nødvendigvis det same som at ein ikkje har nokon å være saman med. Personar med lite sosialt nettverk eller som ofte er åleine, har gjerne større risiko for å føle seg einsame.

Ungdata viser at 15% av elevane i ungdomsskulen i Bygland har vore plaga med einsemd den siste veka. Det er ein låg del samanlikna med andre kommunar i Agder og med Noreg. For elevane i vidaregåande skule er delen 22% som også er lågare enn Agder og Noreg.

Folkehelseundersøkinga 2019 syner at Bygland ligg høgt på opplevd einsemd i nesten alle aldersgrupper blant vaksne.


| Område  | 18 - 29 år | 30 - 39 år | 40 - 49 år | 50 - 59 år | 60 - 69 år | 70 år + |
|---------|------------|------------|------------|------------|------------|---------|
| Bygland | 26,3 %     | 23,3 %     | 14,3 %     | 16,7 %     | 9,3 %      | 16,7 %  |
| Agder   | 20,5 %     | 15,8 %     | 14,6 %     | 11,8 %     | 9,2 %      | 8,1 %   |

### 11.1.3 Psykiske plager og lidingar

Psykiske plager beskriv plager som for eksempel frykt, tungsinn og uro. Psykiske plager er noko alle vil kjenne på regelmessig gjennom livet, ofte knytt til hendingar og erfaringar. Plagene kan gi ulik grad av symptombelastning, frå lette til sterkare plager, utan at det blir karakterisert som ei lidning.

Omgrepet psykiske lidingar blir først brukt når symptombelastninga er stor, varer over tid og er av ein slik karakter at kriteria for ein klinisk diagnose er oppfylt. Psykiske lidingar omfattar ulike diagnoser, som angst, depresjon, ADHD, schizofreni og bipolar lidning, med ulike symptom. Ved psykiske lidingar føreligg det som oftast eit uttalt tap av funksjon, for eksempel i forhold til jobb, skule og familie.

Det er fleire kvinner enn menn med dårleg psykisk helse i Bygland utanom i aldersgruppa 15-24 år. Bygland har færre med psykiske plager og lidningar enn både Agder og Noreg og nedgangen har vore markant dei siste åra.



Figur 58 Utvikling i talet på innbyggjarar pr. 1000 med psykiske plager og lidningar. Kjelde: Agdertall.no/FHI

#### 11.1.4 Demens

Demens er fellesnemning på fleire hjernesjukdommar som fører til kognitiv svikt og andre funksjonstap som påverkar evna til å klare seg sjølv i dagleglivet. Den mest vanlige årsaken til demens er Alzheimers sjukdom (60-70 prosent). Demens er ikkje ein del av normal aldring, sjølv om dei aller fleste demenstilfella er knytt til høg alder. Demens kan også førekome for yngre personar, men er meir sjeldan. Demens utviklar seg langsamt over tid og kan ikkje bli kurert. Fleire kvinner enn menn blir ramma av demens.

Dersom aldersspesifikk førekomst ikkje forandrar seg, vil auka i forventale levealder i Noreg føre til at talet på personar med demens blir meir enn dobla frå 2020 til 2050 i Noreg, og blir firedobla mot år 2100.

Alder og genar spelar ei vesentleg rolle for utvikling av demens, men ein antar at så mykje som 40 prosent av all demens kunne vore unngått med fokus på beskyttande faktorar.



Befolkninga i Bygland er eldre enn gjennomsnittet i Noreg, og har derfor også høgare del med demens. Prognosen er, basert på ei forventa auke i folketalet, på ca. 7% i 2050. Demensandelen er forventa å auke med 133% i 2050.

Beskyttande faktorar er for ein stor del dei same som for hjarte- og karsjukdommar, kreft og dei andre ikkje-smittsame sjukdommane: fysisk aktivitet, ikkje-røyking, god kontroll på blodtrykket, lite eller ingen alkohol og sunt kosthald. Sosial aktivitet beskyttar. Diabetes, låg utdanning, fedme, nedsett høyrsel, depresjon, høgt alkoholforbruk, hovudskadar og luftforureining er risikofaktorar.

### 11.1.5 Vener

Vener betyr mykje i ungdomstida, og ifølge Folkehelseinstituttet, så kan vennskap vere ei kjelde til sosial og kjenslemessig støtte, og gode vennskap kan beskytte mot mobbing og ekskludering.

Ungdataundersøkinga 2022 syner at 93% av elevane i ungdomsskulen og vidaregåande skule i Bygland har nokon å vere saman med på fritida. Det er som gjennomsnittet i Agder.

### 11.1.6 Foreldrerelasjon

Foreldra er viktige støttespelarar for barn og unge. Relasjonen til foreldra/føresette er ein svært viktig faktor når det gjeld sannsynet for risikofylt åtferd blant barn og unge og risikoen for framtidig utanforskap. Risikofylt åtferd kan eksempelvis handle om regelbrot og rus.

Delen av elevane som seier at foreldra pleier å vite kor dei er og kven dei er saman med på fritida er 90% ungdomsskolen og 86% for vidaregåande skule. Bygland har blant dei med lågast prosentdel i Agder.

## 11.2 Helserelatert åtferd


Fysisk inaktivitet, usunt kosthald, skadeleg bruk av alkohol og bruk av tobakk har stor innverknad på utvikling av sjukdom. Vidare er det vist samanheng mellom ulike levevanar og utvikling av demens, psykiske plager og muskel- og skjelettplager. Auka innsats retta mot å betre levevanane i befolkninga vil derfor virke forebyggjande mot dei store sjukdomsgruppene.

### 11.2.1 Fysisk aktivitet

Det er i dag godt dokumentert at fysisk aktivitet fremmer helse, og kan medverke til å forebygge og behandle over 30 ulike sjukdommar og tilstander. Variert fysisk aktivitet er avgjerande for fysisk og psykisk helse, og for å utvikle motorikk, muskelstyrke og kondisjon hos barn og unge, og er også positivt for trivsel og sosial kontakt.

Nasjonale Ungdata-tall viser at sjølv om deltaking i idrettslag går ned, så er det fleire som trener på treningsstudio enn før. Undersøkinga vise at 50% av elevane i ungdomsskulen er fysisk aktive 3 gonger i veka eller meir, som er lågt i Agder. For elevane i vidaregåande skule er talet 57%, som er gjennomsnittleg i Agder.

Tal frå folkehelseundersøkinga 2019 viser at 38% av dei vaksne i Bygland trener 2-3 gonger i veka.



Figur 59 Kjelde: Agdertall.no/Folkehelseundersøkinga 2019


Mykje stillesitting kan gi uheldige helseeffektar, og vere knytt til generelt dårlegare helse, dårlegare fysisk form og dårlegare kardiometabolsk helse (blodtrykk, blodsukker, blodfetter, insulin) blant barn og unge . Det er vidare vist samanheng mellom mykje tid i ro og auka overvekt, mindre søvn, auka isolering og negativ effekt på sosial

åtfærd blant barn og unge. Det er vist at mykje stillesitting kan ha ein samanheng med lågare livskvalitet og dårlegare velvære.

### 11.2.2 Skjermtid

Det er ein samanheng mellom mykje skjermtid på fritida og depresjon blant barn og unge . Det er vidare vist at barn og unge som bruker mykje tid på inaktiv skjermtid, f.eks. tv, har auka førekomst av psykisk uhelse. Mykje stillesitting og skjermbruk kan påverke kognitiv utvikling negativt, men samtidig kan enkelte dataspel ha ein positiv effekt på kognitiv utvikling og sosialt samspel.

Økt skjermtid kan vere ein risikofaktor for overvekt og overvekt, og det er vist ein samanheng mellom auka bruk av skjerm og lite søvn. Samanhengen mellom søvn og skjerm (tid brukt på sosiale media) finn vi også i dei lokale Ungdata-tala. Tala syner at ungdomsskuleelevane i Bygland har mest skjermtid i Agder.



Figur 60 Prosentdel av elevar i ungdomsskulen som er minst 4 timar framfor skjerm kvar dag Kjelde: Agdertall.no/Ungdataundersøkinga 2022


### 11.2.3 Kosthald

Et usunt kosthald er blant dei viktigaste risikofaktorane for sjukdom og for tidleg død både i Noreg og i resten av verda. Kosthaldet er viktig både for å fremme god fysisk og psykisk helse og for å forebygge sjukdom. Eit sunt kosthald kan redusere risikoen for utvikling av sjukdommar som kreft, hjarte- og karsjukdommar og type 2-diabetes. Eit sunt og variert kosthald kan gi fleire gode leveår, og gi samfunnsgevinstar ved at vi lever lengre, og har betre helse. Det er også stor grad av samsvar mellom eit kosthald som fremmer helse og eit kosthald som er meir berekraftig. Kosthaldet kan ha tyding for psykisk helse - og omvendt, psykisk helse kan påverke kosthald og fysisk aktivitet.

Ungdataundersøkinga 2022 syner at 44% av ungdomsskuleelevane et frukost før første time kvar dag, 74% et matpakke eller lunsj på skulen kvar dag og 7% et grønnsaker, frukt eller bær i løpet av skuledagen.

Folkehelseundersøkinga 2019 syner at blant vaksne er det 26% som et frukt og bær dagleg, og det er 33% som et grønnsaker dagleg.





Figur 61 Kosthold i Bygland 2019 Kjelde: Agdertall.no/Folkehelseundersøkinga 2019

## 11.2.4 Rusmiddel



Alkohol er det desidert mest brukte rusmiddelet blant både ungdom og voksne, og i løpet av ungdomstida etablerer vi drikkevanar som vi tar med oss inn i vaksen alder. Alkoholbruken blant både ungdom og voksne blir også av mange sett på som det største og viktigaste rusproblemet vi har. Sidan årtusensskiftet har det vore ein nedgåande trend i alkoholbruk blant ungdom i Noreg og mange andre land, men denne nedgangen flata ut etter 2010. Mange prøver alkohol for første gang i løpet av ungdomstida, ofte saman med venner i ei sosial setting.

Ungdata-tala syner at delen ungdom i Agder som har vore rusa på alkohol har halde seg stabil sidan førre undersøking i 2019, medan vi ser ein nedgang på VG3 i løpet av treårsperioden. Det er også ein liten nedgang i bruk av cannabis. Nedgangen skuldast nok avgrensingane som blei lagt på det sosiale livet under pandemien, sidan bruk av rusmidlar i ungdomsalderen ofte skjer i sosiale fellesskap.

Delen av elevar i vidaregåande skule frå Bygland som drikk alkohol er høg samanlikna med både kommunane i Agder og på landsbasis. Delen av elevar i ungdomsskulen som drikk alkohol er likt som gjennomsnittet i Agder.



Figur 62 Kjelde: Agdertall.no/Unodataundersøkinga 2022




Figur 63 Kjelde: Agdertall.no/Unodataundersøkinga 2022

## 11.2.5 Tobakk

Røyking er sett på som ein av dei viktigaste årsakene til redusert helse og levealder. Omtrent halvparten av gruppa som røyker dagleg i mange år, dør av sjukdomar som skulast tobakken. I tillegg blir mange ramma av sjukdomar som fører til vesentlege helseplager og redusert livskvalitet. Studiar viser at gruppa som røyker dagleg, i snitt dør 10 år tidlegare enn ikkje-røykarar, og at 25% av dagleg-røykarane dør 20-25 år tidlegare enn gjennomsnittleg levealder for ikkje-røykarar. Delen røykarar i befolkninga er på veg ned, men blant ungdom og unge vaksne ser det ut til at snus har overtatt noko for røyking. Snus er ikkje like helseskadeleg som sigarettar, men er svært avhengnadsskapande og inneheld helseskadelege og kreftframkallande stoff.

3,2 % av kvinnene i Agder oppgav ved første svangerskapskontroll at dei røykte. Dette er høgare enn tal for heile landet (2,4 %). Tala for røyking blant gravide blir brukt til å gi informasjon om røyking generelt i befolkninga, sidan det ikkje finst gode data på resten av befolkninga sine røykevaner. Det er ein markant sosial gradient for dagleg-røyking. Jo kortare utdanning, desto høgare del dagleg-røykarar. Denne gradienten gjelder også for røyking i svangerskapet.

Det er ikkje tal for Bygland grunna få tilfelle og personvernomsyn.



Figur 64 Kjelde: Agdertall.no/FHI

## 11.3 Vald, sjølvskading og overgrep

Ein nasjonal omfangsstudie publisert i 2023 viser at valdsførekomsten i Noreg framleis er høg. Ein stor del av både kvinner og menn er utsett for vald, og det er skilnad mellom kjønna i kva slags vald dei blir utsett for og kven som er utøver valden.

Vald aukar risikoen for fysiske og psykiske helseplager, sosiale problem, redusert arbeidsdeltaking og rusproblem. Valden har dessutan store samfunnsøkonomiske kostnader. Å vere utsett for vald og sosiodemografiske faktorar som utdanning, økonomi og sivilstatus heng tett saman.

I den nasjonale studien **Omfang av vold og overgrep i den norske befolkningen (2023)** rapporterer 14% kvinner og 5% menn at dei har opplevd valdtekt ved makt eller tvang minst ein gong i løpet av livet.


Nesten 40 % av respondentane i den nasjonale studien rapporterte at dei hadde vore utsett for minst ein form for alvorleg fysisk vald etter at dei fylte 18 år. Dette gjeld for nesten halvparten av alle mennene i undersøkinga, som er meir utsett for denne typen vald enn det kvinner er.

Fleire kvinner enn menn blei utsett for gjentatte tilfelle av alvorleg fysisk vald. Dette kan ha samanheng med kven høvesvis kvinner og menn oppgir som utøver. Alvorleg fysisk vald frå kjæraste, partner eller tidlegare

partner er langt meir utbreidd blant kvinner enn blant menn.

Menn blir i størst grad oppgitt som utøvar av den alvorlege fysiske valden (80%), uansett om den utsette er mann eller kvinne. Kvinner er meir utsett for alvorleg vald frå partner enn det menn er. 10% kvinner har blitt utsett for alvorleg fysisk vald frå partner, 3% av mennene fortel om det same frå sin partner.


Mesteparten av valden ungdommen blir utsett for skjer i møte med andre ungdommar. I Ungdataundersøkinga 2022 vart ungdommane spurt om ein ungdom har slått, sparka, rista hardt, lugga dei eller liknande i løpet av dei siste 12 månadane.



Figur 65 Kjelde: Agdertall.no/Ungdataundersøkinga 2022

### 11.3.1 Sjølvskading

Helsedirektoratet definerer sjølvskading som skade ein person påfører seg sjølv med vilje, utan intensjon om å dø. Det er mange forskjellige årsaker til at nokon skadar seg sjølv. Bygd på forskning og kliniske erfaringar er det i dag vanleg å forstå sjølvskading som forsøk på å regulere og lindre intense og smertefulle kjensler.



Figur 66 Kjelde: Agdertall.no/Unodataundersøkingsa 2022

### 11.3.2 Sjølv mord

Sjølv mord er resultat av ein sjølv påført skade der intensjonen har vore å avslutte livet. To av tre som tar sitt eige liv, er menn. Svært mange blir rørt av sjølv mord kvart år. I perioden 2013-2022 er det i gjennomsnitt 12,3 sjølv mord pr. 100 000 innbyggjar i Agder, dette svarer til eit gjennomsnittleg årleg tal på 33,8. Dette er høgare enn landsgjennomsnittet som er 11,5 sjølv mord pr. 100 000 innbyggjarar. Tala på sjølv mord har vore nokså stabile i perioden 2207-2022.

Rapporten **Skeives levekår i Agder** viser at nærmare 70% av transpersonane har eller har hatt sjølv mordstankar, og 27% har forsøkt å ta sitt eige liv. Delen som har forsøkt å ta sitt eige liv er høgare for både lesbiske, homofile og bifile i Agder enn i befolkninga i de heile. Delen sjølv mordsforsøk er særleg høg blant ungdom og unge under 25 år.

## 11.4 Helsetilstand

Heile 87% av sjukdomsbyrda vår består av ikkje smittsame sjukdommar. Eksempel er demens, dei fleste krefttypene, diabetes og hjarte-karsjukdommar. I stor grad er det dei same risikofaktorane som ligg bak, og dei viktigaste faktorane er ernæring, tobakk, inaktivitet og alkohol. Det betyr at førebygging av demens, kreft og hjartefarkert handlar om mange av dei same tiltaka.

### 11.4.1 Levealder

Forventa levealder er ein viktig peikepinn på korleis det står til med folkehelsa i ein kommune. Det er stor sosial ulikskap i dødelegheit i Noreg. Personar med høgare inntekt, utdanning og posisjon i arbeidslivet har gjennomgåande lågast dødelegheit. Agder har ein lågare forventa levealder enn landet elles.

I Agder har Bygland lågast forventa levealder for kvinner med 80,1 år. Forventa levealder for menn er 79,7 år, som er det same som i Agder. Forventa levealder har auka for begge kjønn dei siste 20 åra. I Noreg er




forventa levealder 83,9 år for kvinner og 80,1 år for menn. Desse tala er frå 2021 og henta frå FHI sin statistikkbank.

### 11.4.2 Eigenvurdert helse

Ungdataundersøkinga 2022 syner at dei aller fleste ungdommane i Agder har god fysisk og psykisk helse. Det er fleire gutar enn jenter som er nøgde med helsa si, og kjønnskilnadane har auka over tid. Nesten dobbelt så mange jenter som gutar svarer at dei mange gonger eller dagleg har hatt fysiske plagar den siste månaden.


Elevar i ungdomsskulen i Bygland ligg på same del som Agder, medan elevar i vidaregåande skule som bur i Bygland er mindre nøgd med helsa si, men har mindre fysiske plagar.



Figur 67 Opplevd helse for elevar i vidaregåande skule 2022 Kjelde: Agdertall.no/Ungdataundersøkinga 2022

### 11.4.3 Tannhelse

Den offentlege tannhelsetenesta overvakar tannhelsa i den unge befolkninga gjennom systematiske registreringar av talet på nye hull, tannflater med fyllingar og tapte tenner. Tannhelsa blant barn og unge i Agder har hatt ei positiv utvikling, som resten av landet.




Figur 68 Tannhelse fordelt på alder Kjelde: Agdertall.no

Det manglar statistikk for Bygland i perioden 2018 - 2020.

#### 11.4.4 Diabetes

Diabetes er forbundet med alvorlege komplikasjonar inkludert hjarte- og karsjukdommar, og bidrar vesentleg til sjukdomsbyrda i Noreg og resten av verda. I Bygland er det ein auke i bruk av legemiddel til behandling av diabetes type 2. Bruken følgjer i stor grad same trend som i Agder og i Noreg. Det er fleire menn enn kvinner som brukar legemiddel til behandling av diabetes type 2.



Figur 69 Kjelde: Agdertall.no/FHI

#### 11.4.5 Overvekt

Overvekt gir auka risiko for type 2-diabetes, hjarte- og karsjukdommar, høgt blodtrykk, slitasjegikt i kne og hofter og enkelte kreftsjukdommar som tjukktarmskreft. Overvekt kan også ha alvorlege psykiske helsekonsekvensar.

Størstedelen av den vaksne befolkninga har overvekt. Førekomsten av overvekt varierer med utdanning og familieforhold, og det er stor ulikskap mellom ulike innvandrargrupper. Blant barn ser det ut til at den samla delen med overvekt har stabilisert seg. Til saman har mellom 15 og 21% av barn og ungdom (8-15 år) overvekt. Delen overvektige barn er 50% høgare på landsbygda enn i byar.

Erfaring viser at det for dei fleste er vanskeleg å oppnå varig vektreduksjon når ein først har blitt overvektig. Førebygging av overvekt er derfor av stor betydning.

45% av kvinner og menn oppgir å ha overvekt ved første sesjon. Dette er ein høg del samanlikna med resten av Agder.



Figur 70 Kjelde: Agdertall.no/FHI

Kroppsmasseindeks (KMI) viser balansen mellom høgde og vekt. Verdas helseorganisasjon har gjort følgjande vurdering av KMI og helse for vaksne:

| Klassifisering        | KMI, kg/m <sup>2</sup> | Sykdomsrisiko                                         |
|-----------------------|------------------------|-------------------------------------------------------|
| <i>Undervekt</i>      | 18,4 eller lavere      | Lav for diabetes, økt for andre helseproblemer        |
| <i>Normalvekt</i>     | 18,5-24,9              | Lav                                                   |
| <i>Overvekt</i>       | 25,0-29,9              | Økt for diabetes                                      |
| <i>Fedme - grad 1</i> | 30-34,9                | Økt for diabetes<br>Økt dødelighet                    |
| <i>Fedme - grad 2</i> | 35-39,9                | Høy risiko for flere helseproblemer<br>Økt dødelighet |
| <i>Fedme - grad 3</i> | 40,0 eller høyere      | Ytterligere økt helserisiko                           |

Figur 71 Kjelde: FHI

Folkehelseundersøkinga 2019 syner at 40% av vaksne i Bygland er overvektige og 20% har fedme.






Figur 72 Kjelde: Agdertall.no/Folkehelseundersøkinga 2019

### 11.4.6 Kreft


Sidan 2017 har kreft vore den vanlegaste dødsårsaka i Noreg. Det har vore ei auke i nye tilfelle av kreft. Agder har ein høgare førekomst av kreft enn landet elles. Lungekreft er den kreftforma nasjonalt som tar flest liv blant kvinner og menn samanlagt.

Menn har høgare risiko for dei fleste kreftformene. Testikkelkreft og livmorhalskreft er blant dei få kreftformene som opptre hyppigast i yngre aldersgrupper. Det har vore ei klar auke i talet på nye tilfelle av melanom (føflekkreft) de siste 10–20 åra.


Kreftregisteret sin statistikkbank syner at Bygland ligg høgt i tal på krefttilfelle blant kvinner på landsbasis. Talet på krefttilfelle blant menn er lågare enn gjennomsnittet.



Figur 73 Kjelde: Kreftregisteret.no/Statistikkbank



Figur 74 Nye tilfelle kreft (pr. 100 000) blant kvinner i perioden 2012-2021 i Agder Kjelde: Agdertall.no/FHI



Figur 75 Nye tilfelle kreft (pr. 100 000) blant menn i perioden 2012-2021 Kjelde: Agdertall.no/FHI

Fram til 2040 er det venta ei ytterlegare auke i talet på krefttilfelle, i hovudsak som følge av aukande befolkning og auka levealder. Sjølv om kreftsisikoen har auka, har dødelegheita av kreft samla sett vore relativt stabil de siste tiåra, og det er berre det siste tiåret ein ser ein liten nedgang i dødelegheitsratane.

Sosiale faktorar som landbakgrunn, utdanning og inntekt har tyding for kreftisiko. Dette gjeld også andre ikkje-smittsame sjukdommar. Både for kvinner og menn er det påvist klare ulikskapar i kreftisiko på tvers av ulike utdanningsgrupper. For menn er det også påvist ulikskapar på tvers av inntektskategoriar. Det er også påvist

ulikskapar i overleving etter kreft på tvers av utdannings- og inntektsnivå. Dette skuldast at det er sosial ulikskap i helseåttferd og eksponering for risikofaktorar.

Kosthald, inaktivitet, overdriven sol-eksponering og røyke- og alkoholvanar er viktige faktorar som har tyding for kreftførekomsten. Det blir anslått at eitt av tre krefttilfelle heng saman med levevanar. Ei endring i befolkning sine levevanar har derfor eit stort potensiale til å redusere risikoen for å utvikle kreft.

#### 11.4.7 Muskel- og skjelettplager


Muskel- og skjelettplager er blant dei viktigaste årsakene til redusert helse og nedsett livskvalitet, og er ein dominerande årsak til sjukefråver og nedsett arbeidsevne/uførheit.

Den vanlegaste typen sjukdommar og plager er knytt til ryggen. Ryggsmerter rammer eit breitt spekter av menneske i ulike aldersgrupper, og er den typen som kostar samfunnet mest. Leddsjukdommen artrose er den revmatiske sjukdommen som aukar mest. Den rammer både middelaldrande og eldre.

Risikofaktorar for smerter i rygg og nakke er samansette. Systematiske kunnskapsoppsummeringar har funne at overvekt og fedme er assosiert med korsryggsmerter. Stressande arbeidsliv aukar risikoen for utvikling av nakke- og skuldersmerter.

Tiltak som aukar fysisk aktivitet, med og utan spesifikk opplæring om å beskytte korsryggen, har vist seg å vere effektive for å førebygge korsryggsmerter. I tillegg er det studiar som tyder på at ungdom som er moderat fysisk aktive eller driv med uthaldenheitsidrett, har mindre nakke- og korsryggsmerter enn andre ungdommar.

Det er mykje som tyder på at barn som har muskel- og skjelettplager under oppveksten, har auka risiko for å ha slike plager også som vaksne. Førebyggingsarbeidet bør derfor starte i ung alder.



Figur 76 Talet på innbyggjarar (0-74 år) pr. 1000 med muskel og skjelettplager Kjelde: Agdertall.no/FHI

For Bygland sin del ser vi at førekomsten av muskel- og skjelettplager er lågare enn i Agder og landet elles. Kvinner har høgare førekomst enn menn når vi ser på heile aldersgruppa (0-74 år), medan det er motsett dersom vi berre ser på aldersgruppa 15-24 år.

#### 11.4.8 Ulykker

Det har vore ein tydeleg nedgang i dødelegheit som følgje av ulykker dei siste ti åra, men skader og ulykker er framleis ei

#### 11.4.9 Drukning

I 2022 var det 8 drukningar i Agder. Nasjonale tal syner at 42% av dei som drukna i fjor er 60 år eller eldre, og ni av ti er menn. To av tre drukningstilfelle skjer i alkoholpåverka tilstand. Dårlige symjeferdigheiter er ein risikofaktor for å omkomme i drukningsulykker. Ei undersøking syner at barn av innvandrarar frå ikkje-europeiske land er betydeleg dårlegare til å symje enn etnisk norske barn, og er meir avhengige av å få symjeopplæring.

#### 11.4.10 Trafikk

Frå 2007 til 2022 ser vi ein nedgang på ca. 80% trafikkdrepte i Agder. Ulykkesrisikoen er høgare for syklistar enn for bilførarar, bilpassasjerar og fotgjengarar (TØI, 2020), men talet på sykkelskader i Noreg er usikkert. Svært mange sykkelulykker blir ikkje rapportert til politiet, spesielt gjeld det ulykker der berre ein sykkel er innblanda.



Figur 77 Ulykkesutvikling i Agder Kjelde: Nullvisjonen Agder

#### 11.4.11 Fall

Fallskader utgjør nesten halvparten av alle ulykkesdødsfall, og er rangert som den sjuande viktigaste bidragsfaktoren til helsetap i Noreg. Spesielt eldre menneske blir ramma av fallulykker, ofte med brotskadar som utfall. Det årlege talet på hoftebrot er forventa å auke fordi delen eldre i befolkninga vil auke.

### 11.5 Helsetenester

#### 11.5.1 Barnevaksinasjonsprogrammet

For mange potensielt farlege sjukdommar er vaksinasjon det mest effektive førebyggjande tiltaket vi kjenner. Tal på vaksinasjonsdekning kan vere til hjelp i vurdering av smittevernet i befolkninga og vaksinasjonsprogrammet sin effektivitet. Ved eit effektivt vaksinasjonsprogram med høg vaksinasjonsdekning vil det sirkulere lite smitte i befolkninga, og det vil føre til at dei uvaksinerte indirekte blir beskytta. Dette blir kalla flokkimmunitet.

Det anbefalte vaksinasjonsprogrammet som blir tilbydd alle barn og ungdommar i Noreg omfattar vaksinar mot 12 forskjellige sjukdommar. Den første vaksinen i barnevaksinasjonsprogrammet gis ved seks vekers alder og den siste vaksinen på 10. klassetrinn. Vaksinasjonsdekninga har vore stabil i Agder og Noreg i perioden 2011-2022.

Status i barnevaksinasjonsprogrammet i perioden 2018-2022 syner at 83,3% av 2-åringane og 84,8% av 16-åringane i Bygland er vaksinert mot meslingar. Det er under gjennomsnittet for både Agder og Noreg.



Figur 78 Vaksinasjonsdekning for 2-åringar i Bygland 2018-2022 Kjelde: Agdertall.no/FHI

### 11.5.2 Influensavaksinerte over 65 år

Influenza kan gi alvorleg sjukdom og i verste fall føre til dødsfall hos personar i risikogrubbene. Personar over 65 år er den største risikograppa. Å vaksinere mot influensa førebygger både sjølve influensasjukdommen og moglege følgesjukdommar. Følgesjukdommar er ofte bakterielle infeksjonar som krev antibiotikabehandling, først og fremst lungebetennelse. Færre influensatilfelle vil truleg redusere overforbruk av antibiotika.

Kommunen har ansvar for å tilby influensavaksine til eldre over 65 år og andre risikogrupper. WHO og Noreg har eit mål om at 75% i risikogrubbene blir vaksinert. Pr. i dag er dekninga lågare enn dette. 64,7% av befolkninga i Bygland tok influensavaksine i 2021/2022.



Figur 79 Kjelde: Agdertall.no/FHI

### 11.5.3 Bruk av helsetenester

Bruken av helsestasjon for ungdom og psykolog har vore stabil, og jenter brukar desse tenestene i mykje større grad enn gutar. Kjønnsskjellen i bruk av helsetenester startar tidleg, og er betydelege. Ungdom trekker hyppig fram at tilbodet til ungdom som treng nokon å prate med kunne vore betre. Omtrent like stor del av elevane i ungdomsskulen (29%) og vidaregåande skule (31%) har nytta helsesjukepleier på skulen i 2022.



Figur 80 Prosentdel av elevar i ungdomsskulen som har brukt helsesjukepleiar på skulen i 2022 Kjelde: Agdertall.no/Unodataundersøkinga 2022


### 11.5.4 Framtidig helsebehov

SSB og Kommunal- og distriktsdepartementet har gjort framskrivingar på tenestemottakarar og arbeidskraftsbehov fram mot 2040. Framskrivingane tar utgangspunkt i tal frå KOSTRA for 2021 og hovudalternativet i Statistisk sentralbyrå sine regionale befolkningsframskrivingar frå juli 2022.


I berekningane av talet på tenestemottakarar og arbeidskraftbehov framover, er det tatt utgangspunkt i same dekningsgrader og standard på tenestene som i 2021.

Det er betydeleg usikkerheit knytt til både befolkning, dekningsgrader og standard på lang sikt, og framskrivingane må berre tas som indikasjonar.





Figur 81 Kjelde: Regeringen.no



Figur 82 Kjelde: Regjeringen.no

### 11.5.5 Oppsummering

Helsevariablar kan gi eit inntrykk av korleis befolkninga si helse er, men årsakene til eit helseutfall er samansette. Konsekvensar av sjukdommar og plager kan vere nedsett arbeidsevne, sjukefråver og nedsett livskvalitet. Sjukdom har konsekvensar både for individet og samfunnet.

Ikkje-smittsame sjukdommar er dei viktigaste årsakene til sjukdomsbyrde og død i befolkninga i Noreg i dag. Dei same helseutfordringane vil i stor grad bestå også i 2050 og delen eldre i befolkninga er framskrive til å fortsette å auke. Ved høg alder vil kreft, demens, fallulykker, ernæringssjukdommar og infeksjonar bli viktigare årsaker til dødelegheit og sjukelegheit.

FHI skriv i notat frå 2019 at risikofaktorar og årsaker til sjukdom og for tidleg død i dag er tobakk, alkohol, usunt kosthald, inaktivitet, muskel- og skjelettlidingar, psykiske lidingar, sjølv mord, narkotika, ulykker og luftforureining.

Ein av de store folkehelseutfordringane er sosial ulikskap i helse og dette gjeld også for Bygland. Det er systematiske ulikskapar i helse mellom ulike grupper knytt til utdanning og inntekt i befolkninga. Grupper med høgare inntekt og utdanning har betre helse enn grupper med lågare inntekt og utdanning. Det er viktig med kunnskap om dei sosiale ulikskapane og korleis helseutfall knytt til desse fordelar seg i grupper i befolkninga.



Desse sosiale ulikskapane er det mogleg å gjere noko med. Befolkningsretta strategiar og tiltak kan bidra til å bryte negative sosiale mønstre knytt til ulikskapane.

# 12 Kjelder

Agdertall

SSB (Statistisk sentralbyrå)

Kreftregisteret Statistikkbank

Ungdataundersøkinga 2022

NAV Agder Statistikk og analyse

Anleggsregisteret

NHO sitt Kommune-NM

Omfang av vold og overgrep i den norske befolkningen (Rapport)

Skeives levekår i Agder (Rapport)

Electric Region Agder

Regjeringen

Ressursportal

Nullvisjonen Agder

FHI

Nobil

Telemarksforskning si regionalanalyse

Telemarksforskning - Ung i Setesdalsregionen

Bufdir

Aldring og helse Nasjonalt senter

Norsk kulturindeks

NOU 202:15 Det handler om Norge